

Protokollar

1988

Styre og

Rep. skap for

VØR



Volda/Ørsta Reinhaldsverk

Møte i representantskapet 4.1.88.

Desse møtte: Jan Driveklepp, Emil Olsen, Fredrik Mork Håskjold, Ingrunn
Humberset, Jostein O. Mo, Olav Røv, Einar Flø, Rasmus Tunheim.

Rasmus Tunheim leidde møtet.

Dessutan møtte:

Rasmus R. Aarflot, Knut Bere, Sverre Snipsøy, Helge Remøy,
Per Schjelderup.

Etter ei innleiande orientering om arbeidet som tidlegare er utført og saka
slik den står i dag, vart fylgjande saker handsama:

Sak 1/88 Val av leiar i representantskapet.

Ingrunn Humberset kom med framlegg på Jan Driveklepp som leiar i represen-
tantskapet.

Jan Driveklepp vart samråystes vald til leiar i representantskapet.

Sak 2/88 Val av nestleiar i representantskapet.

Ingrunn Humberset kom med framlegg på Rasmus Tunheim som nestleiar i repre-
sentantskapet.

Rasmus Tunheim vart samråystes vald til nestleiar i represen-
tantskapet.

Sak 3/88 Val av leiar i styret.

Rasmus Tunheim kom med framlegg om attval av Lars Petter Øye som leiar i
styret.

Olav Røv kom med framlegg på Helge Remøy som leiar.

Ved skriftleg avrøysting fekk Lars Petter Øye 7 røyster og
Helge Remøy 1 røyst.

Lars Petter Øye vart dermed attvald som leiar for styret.

PER MULVIK

Sak 4/88 Val av nestleiar i styret.

Ingrunn Humberset kom med framlegg om attval av Rasmus R. Aarflot som nestleiar i styret.

Rasmus R. Aarflot vart samrøystes attvald som nestleiar i styret.

Volda 5.1.88

PER MULVIK A/S
RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF
BYGNINGSTEKNIKK

MOLDA
Per Seljedalum

Går til: Representantskapsmedlemene

Styremedlemene

Ørsta formannskap

Volda formannskap

Volda/Ørsta Reinhaldsverk

Representantskapsmøte 7.4.88.

Desse møtte: Jan Driveklepp, Fredrik Mork Håskjold, Ingrunn Humberset, Emil Olsen, Per Andreassen, Rasmus Tunheim, Olav Røv.

Jostein O. Mo og varam. Kjartan Leikanger hadde meldt forfall.

Dessutan møtte Lars Petter Øye, Knut Bere, Per Schjelderup.

Ingen hadde merknader til innkalling og dagsorden.

Formann Jan Driveklepp refererte brev frå representantskapsmedlem Einar Flø, som var forhindra frå å møte.

Brevet var på førehand utsendt til representantskapsmedlemene.

Flø bad i brevet om at representantskapet utsette handsaming av sak 5/88 og 6/88.

Formann Jan Driveklepp meinte at brevet måtte fremjast som forslag til vedtak frå ein av dei tilstadeverande medlemene.

Bere og Øye frårådde sterkt at saka vart utsett.

Tunheim meinte at avtalen med Tafjord Kraftselkap ikkje måtte utsettast, men ynskte ei nermare vurdering av om innsamlings- og transportproblemene kunne utsetjast.

Øye tilbakeviste påstand frå Andreassen om at saka var därleg dokumentert.

Øye orienterte om utgreiinga som VIAK A/S har utført på oppdrag for Volda/Ørsta Reinhaldsverk, og om det arbeidet som er gjennomført tidlegare.

Bere var ikkje i tvil om at det var rett å fatte vedtak i tråd med styrets framlegg.

Fredrik Mork Håskjold følte seg ikkje kompetent til å uttale seg på bakgrunn av rapporten frå VIAK A/S.

Ingrunn Humberset følte at spørsmåla som vart reist har blitt vurdert tidlegare og ville støtte styrets framlegg til vedtak.

Driveklepp orienterte om dei ulike alternativa for transport til Ålesund, og ville gå inn for styrets framlegg til vedtak med visse endringar.

Andreassen hadde ikkje motteke alle dokument i saka, og ville etter orienteringa som vart gitt ikkje fremje utsettingsforslag.

Øye og Bere meinte at dersom det ikkje vart fatta vedtak nå, ville kommunane bli stilt i eit vanskeleg forhold overfor arbeidstilsynet på grunn av dei rådande omstende i Alida i dag.

Driveklepp orienterte om at private ville få høve til å gi tilbod på transport til Ålesund, og seinare på innsamling dersom denne skal privatiserast.

Bere hadde tiltru til rapporten frå VIAK A/S, og meinte at komprimatorstasjon var eit vesentleg element i opplegget.

Tunheim ville etter denne debatten ikkje fremje utsettingsframlegg.

Det vart etter dette ikkje fremja utsettingsframlegg.

Sakene vart så handsama etter den oppsette saklista.

Sak 5/88. Avtale med Tafjord Kraftselskap.

Vedtak i styresak 3/88 låg føre som framlegg til vedtak:

"Avtalen med Tafjord Kraftselskap blir godkjent."

Framlegg til vedtak vart samrøystes godkjent.

Sak 6/88. Innsamlings- og transportrutinar.

Vedtak i styresak 2/88 låg føre som framlegg til vedtak:

Sak 2/88. Innsamlings- og transportrutinar.

I samsvar med tidlegare vedtak er vurdering av innsamlings- og transportrutinar no gjennomført, og rapporten er utsendt til styremedlemene.

Etter vedtak i sak 1/88 er det VIAK A/S som har utført vurderinga.

Oppdraget gjekk ut på følgjande:

1. Vurdering av innsamlingsrutinane.

- a). Offentleg innsamling basert på dagens ordning og utstyr. Utstyret skal overtakast av Reinhaldsverket. Omlasting i komprimatorstasjon.
- b). Innsamling basert på entreprise. Omlasting i komprimatorstasjon.
- c). Innsamling og transport direkte til Ålesund med komprimerande bilar utan omlasting.
- d). Vurdering av vegkanthenting og stativhenting for alternativa a, b og c.

2. Vurdering av transport til Ålesund.

- a). Transport av containerar frå komprimatorstasjon.
- b). Transport med komprimerande bilar utan omlasting, jfr. pkt. 1 c.

Rapporten konkluderer med at omlasting i komprimatorstasjon og vidare transport av containerar på vogntog er klart billegare enn direktekjøring til Ålesund med små komprimerande bilar. Vidare konkluderer VIAK A/S med at innsamling på entreprise og samarbeid med Vanylven truleg gir det økonomisk gunstigaste resultatet.

Innsamling på entreprise og direktetransport samanlikna med dagens innsamlingsordning, omlastingsstasjon og containertransport gir for 1988 omlag dei same kostnadene. Dette skuldast at dagens innsamlingsordning har ein del ledig kapasitet som gir ei gunstig utvikling i kostnader ved auka avfallsmengde.

Innsamling på entreprise og direktetransport gir ei ugunstig kostnadsutvikling ved auke i avfallsmengda.

Når det gjeld innsamling på entreprise, kan ein kva tid det er ynskjeleg innhente tilbod på dette dersom det blir bygd komprimatorstasjon. Omlegging av renovasjonsordninga vil i seg sjølv vere så pass omfattande, at det nok kan

sak 2/88 forts.

vere fornuftig å først etablere dei grunnleggande element, og når dette er innarbeidd kan ein vurdere å innhente tilbod på innsamlinga.

Med bakgrunn i rapporten frå VIAK A/S og ovanforståande orientering, vil styret samrøystes rå representantskapet til å gjere slikt vedtak:

1. Volda/Ørsta Reinhaldsverk vedtek at det blir bygt komprimatorstasjon i industriområdet ved flyplassen, og at transport til Ålesund skal skje i containerar.
2. Reinhaldsverket vil be Ørsta kommune om å tildele tomta snarast.
3. Komprimatorstasjonen skal detaljplanleggast, tilbodusdokument utarbeidast og finansieringa ordnast.
4. Det skal innhentast tilbod på transport frå komprimatorstasjon til Ålesund.
5. Inntil vidare vert dagens ordning med kommunal innsamling valgt. Ved naturleg avgang skal det inntil vidare ikkje tilsettast folk i faste stillingar.
6. Sekretariatet får i oppdrag å legge fram vurdering om innsamling seinare skal skje i eigen regi eller etter entreprise.

Representantskapsformann Jan Driveklepp fremja slikt alternativt forslag til vedtak:

1. Volda/Ørsta Reinhaldsverk vedtek at det blir bygt komprimatorstasjon i industriområdet ved flyplassen, og at transport til Ålesund skal skje i containerar.
2. Reinhaldsverket vil be Ørsta kommune om å tildele tomta snarast.
3. Styret blir pålagd å detaljplanlegge komprimatorstasjonen, innhente tilbod, arbeide med finansieringa og vurdere banksamband.
4. Styret skal innhente tilbod på transport frå komprimatorstasjon til Ålesund.
5. Styret skal inngå kontrakter med leverandørar/transportørar.
6. Inntil vidare vert dagens ordning med offentleg innsamling valgt. Ved naturleg avgang skal det inntil vidare ikkje tilsettast folk i faste stillingar.
7. Sekretariatet får i oppdrag innan 1. kvartal 1989 å legge fram vurdering om innsamling skal skje i eigen regi eller etter entreprise.

Framleggget frå Jan Driveklepp vart samrøystes vedteke.

TAFJORD KRAFTSELSKAP

ÅLESUND

SENTRALBORD (071) 43311. TELEFAX (071) 46255.
POSTBOKS 8055 - SPJELKAVIK, 6022 ÅLESUND.

Dato: 23.02.1988

Volda/Ørsta Reinhaldsverk
v/rådgivende ingeniør Per Mulvik
6100 Volda

Vår ref.: 80/AN/KS

Deres brev:

Deres ref.:

AVTALE VEDRØRENDE LEVERING AV AVFALL FRA VOLDA/ØRSTA KOMMUNER V/VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK TIL ÅLESUND FORBRENNINGSANLEGG

Ovennevnte avtale ble lagt frem for styret i Tafjord Kraftselskap i møte 18.2.d.å.

Kraftselskapets styre gjorde slikt

vedtak:

Fremlagt avtale mellom Tafjord Kraftselskap og Volda/Ørsta Reinhaldsverk godkjennes.

Styret forutsetter at Volda/Ørsta Reinhaldsverk har ansvar for at avfallsleveransen samsvarer med forutsetningen om husholdningsavfall og brennbart forretningsavfall.

Dersom Volda/Ørsta kommuner blir med i et eventuelt Sunnmøre Energiverk, og forbrenningsanlegget fortsetter som en integrert del av virksomheten, er styret i Tafjord Kraftselskap innforstått med at avfallsleveransen kommer inn under det betalingsregulativ som gjelder for eierkommunene.

Avtale vedlegges i 2 eksemplar i undertegnet stand.

Vennligst returner det ene eksemplar med deres underskrift.

Med hilsen

TAFJORD KRAFTSELSKAP

Bj. Blindheim
Bj. Blindheim

Vedlegg

J. Nilsen
Asbj. Nilsen

TAFJORD KRAFTSELSKAP

Mellan Tafjord Kraftselskap og Volda/Ørsta Reinhaldsverk inngås følgende avtale om levering av husholdningavfall og brennbart forretningsavfall fra Volda og Ørsta kommuner til Ålesund Forbrenningsanlegg, Grautneset.

1. Husholdningsavfall/forretningsavfall fra Ørsta/Volda kommuner skal leveres ved Ålesund Forbrenningsanleggs silo eller på fyllplass anvist av Tafjord Kraftselskap.
2. Transport av avfallet er Volda/Ørsta Reinhaldsverks ansvar. Avfallet skal leveres innenfor anleggets normale åpningstider.
3. Pris pr. tonn for leveranse av avfall fastsettes av Tafjord Kraftselskaps representantskap ved årlige budsjettbehandlinger.

For levering av avfall fra Volda/Ørsta kommuner skal det betales den pris som gjelder for levering av avfall fra kraftselskapets eierkommuner (for 1988 satt til kr. 380,- pr. tonn) med tillegg av 10%.

Ovennevnte pris forutsettes regulert på basis av generell prisstigning i samfunnet og nye investeringskostnader ved forbrenningsanlegget.

4. Leveranse av avfall fra Ørsta/Volda kommuner regnes å kunne begynne 1. august 1988.
Delleveranser kan etter nærmere avtale begynne tidligere.
5. Avtalen gjelder i 10 år regnet fra 1.7.1988 og kan ikke sies opp/ endres for avtaleperioden uten partenes samtykke.
Utover 10-års perioden forutsettes avtalen å løpe videre uendret, men slik at fra 1.7.1995 gjelder en gjensidig oppsigelsesfrist på 3 år.
6. Tvist om forståelsen av ovennevnte avtale avgjøres med bindende virkning ved voldgift av Sorenskriveren i Nordre Sunnmøre.

Ålesund den 23.02.1988

Volda/Ørsta den

TAFJORD KRAFTSELSKAP

 Bj. Blindheim

VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK

PER MULVIK A/S

RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF

BYGNINGSTEKNIKK

VOLDA

6101 VOLDA,
BOKS 86
TLF. (070) 76 535

Jan Driveklepp

Fredrik Mork Håskjold

Emil Olsen

Ingrunn Humberset

Rasmus Tunheim

Jostein O. Mo

Einar Flø

Olav Røv

Lars Petter Øye

Helge Remøy

Rasmus R. Aarflot

Knut Bere

Volda/Ørsta Reinhaldsverk.

Vedlagt blir oversendt utskrift av vedtak i representantskapsmøte 24.10.88, der samlede medlemmer møtte.

Til stades var også Lars Petter Øye, Rasmus R. Aarflot, Helge Remøy, Per Schjelderup.

Brev fra Einar Flø datert 22.10.88 vart lagt fram og grundig drøfta.

Einar Flø la fram ønskje om å få saksdokumenta tilsendt tidlegare.

Olav Røv presiserte at hans adresse er postboks 227.

Volda 25.10.88

PER MULVIK A/S

RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF

BYGNINGSTEKNIKK

VOLDA



Volda/Ørsta Reinhaldsverk – representantskapet.

Sak 7/88 Budsjett/avgifter.

Tilrådinga frå styret vart samrøystes vedteke.

BUDSJETT 1989.

Føresetnader.

Grunnlaget for budsjettet kan på ein skilde punkt vere litt vanskeleg å fastsetje ettersom ein enno forhandlar med leverandørar, transportørar m.m. Grunnarbeidet er pr. d.d. ute på tilbodsrekning, og bygget er enno ikkje prosjektert som fylgje av at avtale med utstyrsprodusent enno ikkje er underteikna. Kostnadsoversлага er rekna innanfor realistiske rammer.

Dei einskilde budsjettpostar har blitt gjennomgått med fellesrenovasjonen og vurdert så nøyne det let seg gjere. Fellesrenovasjonens budsjett for 1988 har vore brukt ved utarbeiding av budsjettforslaget for 1989.

I budsjettframlegget er det føresett utviding til full renovasjon i kommunane, med unntak av Urke/Norangdal, Standal, Trandal, Osdalen, Steinnes.

Det er vidare rekna med at noko meir forretningsavfall blir henta av reinhaldsverket, totalt omlasta mengde⁴³²⁸ tonn. Bemanningsplanen går ut på 3 sjåførar, 6 innsamlarar og 1 stilling i administrasjon. På utstyrssida er det rekna med at reinhaldsverket får overta materiellet vederlagsfritt frå kommunane, samstundes med at det er oppført 1 ny komprimatorbil med utstyr for containertømming. Denne er forutsett finansiert ved lån. Det er framleis rekna med å bruke papirsekker, men denne utgiftsposten kan reduserast noko ved overgang til plastsekker.

Gassrensinga har tidlegare blitt antyda til kr. 50-100,- pr. tonn og var føresett gjeldande frå 1.1.90. Ein har pr. d.d. ikkje fått klart det eksakte beløp, men Tafjord Kraftselskap antydar at gassrensinga kan bli vesentleg dyrare og kan bli gjort gjeldande frå 1.1.89.

1. DRIFTSUTGIFTER.

1.010. Faste løner innsamling	kr. 1.185.000,-
1.020. Ekstrahjelp og overtid	120.000,-
1.030. Arbeidsgjevaravgift	" 198.000,-
1.040. Pensjon	" 64.000,-
1.050. Husleige Aksel Våge	" 73.000,-
1.060. Grunnleige fyllplass	" 650,-
1.070. Reise-/kostgodtgjerdslle	" 45.000,-
1.080. Avgifter/trygdingar bilar	" 60.000,-
1.090. Drivstoff m.m. bilar	" 85.000,-
1.100. Reparasjon og vedlikehald	" 50.000,-
1.110. Godtgjerdslle klær	" 18.000,-
1.120. Innleige av maskiner/arbeidshjelp	" 110.000,-
1.130. Kjøp av sekkar	<u>" 490.000,-</u>
	kr. 2.498.650,-
1.140. Renter/avdrag faste installasjonar	" 666.000,-
1.150. Transportkostnader	" 343.965,-
1.160. Forbrenningskostnader	" 1.925.960,-
1.170. Kapitalkostnader 1 ny bil	" 160.000,-
1.180. Avgifter/trygdingar bygg	" 40.000,-
1.190. Andre utgifter	" 70.000,-
1.200. Rekneskap/revisjon	" 20.000,-
1.010. Faste løner omlastingsstasjon/adm.	" 240.000,-
1.030. Arbeidsgjevaravgift	" 40.000,-
1.040. Pensjon	" 13.000,-
1.210. Renteutgifter kassekreditt	<u>" 100.000,-</u>
Sum driftsutgifter 1989, eks. gassrensing	<u>kr. 6.117.575,-</u>

2. DRIFTSINNTEKTER.

2.010. Stativavgift	kr. 4.685.560,-
2.020. Forretningsavfall henta av reinhaldsv.	" 640.000,-
2.030. Eigenleveret avfall	" 730.015,-
2.040. Salg av sekker	" 50.000,-
2.050. Ref. ekstra ferieveke	<u>" 12.000,-</u>
Sum driftsinntekter 1989	<u>kr. 6.117.575,-</u>

AVGIFTER 1989.

Budsjettet gir følgjande avgiftsberekning:

Innsamlingskostnad	2.498.650,- -	62.000,- = kr. 2.436.650,-
Behandlingskostnad	6.117.575,- -	2.498.650,- = kr. 3.618.925,-

Innsamlingskostnad pr. tonn 2.436.650,-/3500 = kr. 696,-

Behandlingskostnad pr. tonn 3.618.925,-/4328 = kr. 836,-

Stativkostnad (696,- + 836,-)0,6 = kr. 920,- eks. mva.

Eigenlevert avfall - avgift kr. 0,84 pr. kg. eks. mva.

Henta avfall - avgift kr. 1,53 pr. kg. eks. mva.

Samanfatta gir budsjettet slike einskildkostnader:

Stativavgift	kr. 920,- eks. mva.
Kolli henta av reinhaldsverket	" 16,- eks. mva.
Levert avfall pr. m^3	" 92,- eks. mva.
Levert kolli (inntil 60 kg)	" 25,- eks. mva.
Levert avfall pr. tonn	" 836,- eks. mva.

Grovavfall blir i dag plassert i fyllplass i Alida. Denne fyllplassen har begrensa kapasitet, og det må snarast etablerast ny grovavfallsfyllplass. Der er tidlegare føresett at ein slik fyllplass skal vere sjølvfinansierande.

Ålesund kommune har fyllplass i Bingsa og tar slik avgift:

Inntil 3 m^3 , pr. m^3 kr. 55,- eks. mva.

Over 3 m^3 etter vekt, pr. " 400,- pr. tonn eks.mva.

For å ha grunnlag for å etablere ein forsvarleg fyllplass bør det vere naturleg å nytte eit tilsvarande avgiftsnivå som Bingsa.

Når det gjeld problemavfall, blir dette i dag innsamla av private foretak.

Reinhaldsverket bør kunne tilby ei formidlingsteneste for slikt avfall, gjerne ved mellomlagring på omlastingsstasjonen. Nermare organisering av slik teneste kan gjerast etter at omlastingsstasjonen er komen i drift.

Styret gjorde slikt samrøystes vedtak:

Styret rår representantskapet til å gjere slikt vedtak:

1.Budsjettforslaget for 1989 blir vedteke.

2.Avgiftssatsar for 1989 blir fylgjande:

Stativavgift

Kolli tilsv. stativ, henta av VØR

Levert avfall pr. m³

Levert kolli (inntil 60 kg)

Levert avfall pr. tonn

*275 kr i 1988
+ 18% skatt*

kr. 920,- eks.mva.

" 16,- " " 3,- " "

" 92,- " " 22,- " "

" 25,- " " 6,- " "

" 836,- " " 195,- " "

Evt. tillegg for
gassrensing, førebels
overslag.
117,- eks.mva.

Volda/Ørsta Reinhaldsverk.- representantskapet

Sak 8/88 Garanti for låneopptak.

Tilrådinga frå styret vart samrøystes vedteke.

GARANTI FOR LÅNEOPPTAK.

Det er innhenta tilbod på banksamband med følgjande rammer:

- | | |
|------------------------|---------------|
| 1. Byggelån | kr. 5,1 mill. |
| 2. Fastlån | kr. 1,4 mill. |
| 3. Kassekreditt, limit | kr. 3,1 mill. |

Bankane som har gjeve tilbod har sett som føresetnad at kommunane garanterer for låneopptaka.

PER MULVIK A/S

RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF

BYGNINGSTEKNIKK

VOLDA

6101 VOLDA,

BOKS 86

TLF. (070) 76 535

VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK.

Kostnadsoverslag komprimatorstasjon.

Komprimator, teknisk utstyr	kr. 600.000,-
Containere 5 stk	" 283.000,-
Bygningstekniske anlegg, komprimatordel	" 800.000,-
Grunnverv inkl. refusjon	" 390.000,-
Graving, sprenging, kult, grus	" 650.000,-
Asfaltering	" 150.000,-
Prosjektering/prosjektledelse	" 200.000,-
Administrasjonskostnader, byggeledelse	" 100.000,-
Diverse kostnader	" 200.000,-
Byggekostnader pr. 1.2.87	kr. 3.373.000,-
Prisstigning 1.2.87-1.5.89	" 650.000,-
10 % investeringsavgift	kr. 4.023.000,-
Byggelånsrenter	" 402.000,-
Anleggskostnader	" 200.000,-
	kr. 4.625.000,-

Volda 22.6.88



Volda/Ørsta Reinhaldsverk - finansieringsplan faste installasjonar.

Miljøverndepartementet - tilskot	kr.	925.000,-
Miljøverndepartementet - lån	"	2.312.500,-
Lokal bank	"	<u>1.387.500,-</u>
Sum	kr.	<u>4.625.000,-</u>

PER MULVIK

Styret gjorde slikt samrøystes vedtak:

Styret rår representantskapet til å gjere slikt vedtak:

Representantskapet vedtek å låne inntil slike beløp:

Byggelån	kr. 5,1 mill.
Fastlån	kr. 1,4 mill.
Kassekreditt	kr. 3,1 mill.

Representantskapet bed kvar av kommunane garantere for 50 % av dei same beløpa.

Volda/Ørsta Reinhaldsverk – representantskapet.

Sak 9/88 Valg av banksamband.

Tilrådinga frå styret vart samrøystes vedteke.

Sak 19/88 Banksamband.

Det er innhenta tilbod på banktenester i lokale bankar. Tilboda er blitt vurdert av fagfolk på området.

Det vart bedt om tilbod på følgjande:

Byggelån kr. 5,1 mill.

Fastlån kr. 1,4 mill.

Kassekreditt kr. 3,1 mill.

Tilboda har vore vanskeleg å vurdere opp mot kvarandre, men uttale etter vurdering går på følgjande:

For kassekreditt og byggelån er Sunnmørsbanken A/S mest gunstig.

For langsiktig lån ser Volda og Ørsta Sparebank ut til å ha det beste tilboden.

Det er vurdert alternativ med 20 års løpetid med 3 års avdragsfri periode, effektiv rente 15,71 %. Det er rekna 1 års bindingstid på renta.

Sunnmørsbanken A/S har gjennom Den Norske Hypotekforening tilbode lån på 20 års løpetid med 5 års avdragsfri periode, effektiv rente 15,2 %, 5 års bindingstid på renta. Renta her verkar lav, men det har samband med lang bindingstid og 5 års avdragsfri periode. Frå eksperthalde har ein blitt tilrådd å velge alternativ med 1 års bindingstid på renta.

Sunnmørsbanken A/S sitt alternativ A kan samanliknast direkte med Sparebankens alternativ. Sunnmørsbankens alternativ A har 3 års avdragsfri periode og 1 års bindingstid på renta. Effektiv rente er 15,8 % mot Sparebankens 15,71 %.

For bruk av kassekreditt er reinhaldsverket avhengig av straumen av inn- og utbetalingar. Når det gjeld utbetalingar reknar ein med at desse blir nokolunde jamnstore kvar månad, ca. kr. 510.000,-. I sak 22/88 blir kommunane bedt om å overføre månadlege beløp til reinhaldsverket. Behovet for kassekreditt vil vere avhengig av takten i overføring frå kommunane.

Når det gjeld offentleg tilskot og lån, har ein fått opplyst i Miljøverndepartementet at tilskotet blir utbetalt med 50 % ved oppstart og 50 % ved revisorgodkjent rekneskap. Lånet vil bli utbetalt etter vanlege reglar i communalbanken, og vil truleg kunne fungere som byggelån.

Saka blir lagt fram til avgjerd utan tilråding til vedtak.

Styret gjorde slikt samrøystes vedtak:

Saka vart utsett i påvente av lånevilkår frå KLP.

Tilleggsutgreiing til sak 19/88.

Eg viser til vedtak i styremøte 18.10.88, der saka vart utsett i påvente av lånevilkår frå KLP.

Spørsmålet gjeld langsiktig lån på 1,4 mill., og førespurnad er retta både til KLP og Realkreditt. Reinhaldsverket har fått positivt signal i begge institusjonane.

Opplysninga vi har motteke tyder på at KLP har litt gunstigare rente enn Realkreditt, men KLP gir ikkje så lang løpetid som 20 år. Dessutan vil det gå forholdsvis lang tid før lånet blir utbetalt. Av dette fylgjer at det må oppretta byggelån.

I Realkreditt har reinhaldsverket fått tilbod på lån til eff. rente 15,35 %, og lånet vil bli utbetalt straks nødvendige kommunale vedtak ligg føre. Dermed unngår ein byggelån for dette beløpet.

Saka om banksamband kan samanfattast slik:

Frå fagleg hald har Sunnmørsbanken A/S sitt tilbod på kassekreditt og byggelån blitt vurdert til å vere mest gunstig.

For langsiktig lån er tilboden frå Realkreditt klart betre enn lokale bankar.

Styret gjorde slikt samrøystes vedtak:

Styret rår representantskapet til å gjere slikt vedtak:

Tilboden frå Realkreditt av 21.10.88 når det gjeld fastlån blir godteke. Sunnmørsbanken A/S blir valgt til banksamband for kassekreditt og byggelån i samsvar med tilbod av 23,9,88.

Volda/Ørsta Reinhaldsverk - representantskapet.

Sak 10/88 Overtaking av renovasjonen.

Tilrådinga frå styret vart samrøystes vedteke.

Sak 22/88 Overtaking av renovasjonen.

Spørsmålet om overtaking av fellesrenovasjonen for Volda/Ørsta sine oppgåver har vore drøfta ved fleire høve tidlegare, og årsskiftet 88/89 har blitt sett på som eit gunstig tidspunkt. Tidlegare hadde reinhaldsverket ein romslegare tidsplan, slik at omlegging av dei ymse rutinene kunne skje gradvis. Sakshandsaminga i dei ulike organ har teke lenger tid enn rekna med, slik at tidsplanen etter kvart har blitt svært komprimert, og både overtaking av innsamlinga og oppstart av komprimatorstasjonen vil skje på same tidspunkt.

Representantskapet i reinhaldsverket har vedteke at det innan 1. kvartalet 1989 skal vurderast om innsamlinga skal lysast ut på entreprise. Dersom entreprise blir valgt, vil dette medføre ei ny omlegging av organisasjonen, slik at apparatet som no blir oppbyggt kan bli av mellombels karakter. Budsjettet for 1989 er basert på bemanningsplan på 10 tilsette.

Det er i dag 13 tilsette i fellesrenovasjonen, av desse 3 på kortvarige avtaler. Som nemnt er budsjettet basert på 10 tilsette, av desse må 4 sjåførar ha førarkort i klasse C. Slik situasjonen er i dag, har 2 av dei fast tilsette og 2 av dei mellombels tilsette førarkort i klasse C. Dette inneber at berre 8 av dei fast tilsette kan disponerast av reinhaldsverket. Dei 2 resterande stillingane må såleis fyllast med enten 2 av dei mellombels tilsette, eller 2 andre med førarkort i klasse C.

Eit uunngåeleg spørsmål er såleis kva som skal skje med dei 3 tilsette (2 i faste stillingar) det ikkje er budsjettdekning for. Skal dei seiast opp, eller skal dei overførast i andre stillingar? Reduksjon i bemanning kjem som fylgje av at forbrenningsomnen i Alida blir lagt ned, samstundes med at det blir lagt opp til ei meir rasjonell drift

Når det gjeld arbeidsgjeverforholda har ein frå juridisk hald fått opplyst at desse er dei same som tidlegare. Det er kommunane og ikke reinhaldsverket som selskap som har det overordna arbeidsgjeveransvaret. Ved overgang til reinhaldsverket vil det vere rett tidspunkt å justere stillingsinstruksane. Ved eventuelle problem med å disponere personell er det kommunane sitt ansvar å ta vare på desse ved overføring til andre områder. Ørsta formannskap har i sak 335/87 vedteke at dei tilsette i noverande renovasjon skal sikrast vidare arbeid ved eventuell privatisering av innsamling og transport. Kommunane må såleis ta stilling til kva som skal skje med dei overflødige stillingane.

PER MULVIK

I budsjettsamanheng har ein gått ut frå at reinhaldsverket overtek alt innsamlingsmateriell vederlagsfritt. I § 12 i vedtektena går det fram at utstyret Ørsta og Volda i fellesskap har kjøpt inn skal overtakast av selskapet.

I vedtekten § 11 går det fram at kommunane syter for innkrevjing av avgift overfor dei einskilde abonnementar. Kommunane skal betale det utlikna beløpet til reinhaldsverket i forskotsterminar. For å få minimalt bruk for kassekreditt bør dette skje til dømes i månadlege forskotsterminar.

I vedtekten § 3 går det fram at ein driftsleiar skal ha ansvaret for den daglege drift av reinhaldsverket. Det er naturleg at oppsynsmannen i fellesrenovasjonen blir tillagt driftsleiarfunksjonen.

I vedtekten § 3 går det vidare fram at Volda kommune skal føre nødvendig rekneskap, og revisjonen skal utførast av distriktsrevisor. Godtgjerdssle for dette må klarleggast.

Representantskapet gjorde i sak 2/88 vedtak om å gi sekretariatet i oppdrag innan 1. kvartal 1989 å legge fram vurdering om innsamling skal skje i eigen regi eller etter entreprise. For å kunne vurdere dette må det innhentast tilbod på innsamlinga. VIAK A/S har tidlegare gitt tilbod på utarbeiding av tilbodsdocument og innhenting av tilbod. Kostnaden med dette er kr. 25.000,- eks. mva. med tillegg av prisstigning frå 1.5.88. Dette er ei naturleg vidareføring av arbeidet VIAK A/S gjorde i samband med vurdering av transporten.

Styret gjorde slikt samrøystes vedtak:

Styret rår representantskapet til å gjere slikt vedtak:

1. Av dei tilsette i noverande fellesrenovasjon blir 10 overteke av reinhaldsverket.
4 tilsette må ha førarkort i klasse C.
Kommunane blir bedt om å forhandle med arbeidstakarorganisasjonane om kven som skal overførast til reinhaldsverket.
2. Oppsynsmannen i noverande fellesrenovasjon blir tillagt driftsleiarfunksjonen i Volda/Ørsta Reinhaldsverk. Det skal utarbeidast instruks for driftsleiarstillinga.
3. Volda/Ørsta Reinhaldsverk overtek utstyret i fellesrenovasjonen vederlagsfritt.
4. Kommunane betalar utlikna renovasjonsavgift til reinhaldsverket i forskots-terminar, ein gong pr. månad.
5. VIAK A/S får i oppdrag å innhente tilbod på innsamling.

PER MULVIK A/S

RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF

BYGNINGSTEKNIKK

VOLDA

6101 VOLDA,

BOKS 86

TLF. (070) 76 535

Jan Driveklepp

Fredrik Mork Håskjold

Emil Olsen

Ingrunn Humerset

Rasmus Tunheim

Jostein O. Mo

Einar Flø

Olav Røv

Lars Petter Øye

Helge Remøy

Rasmus R. Aarflot

Knut Bere

Volda/Ørsta Reinhaldsverk.

Vedlagt blir oversendt utskrift av vedtak i representantskapsmøte 19.12.88.

Jostein O. Mo og Ingrunn Humerset hadde meldt forfall.

Varamedlemer møtte ikke.

Til stades var også Lars Petter Øye og Helge Remøy.


Volda 20.12.88

PER MULVIK A/S

RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF

BYGNINGSTEKNIKK

VOLDA



Volda/Ørsta Reinhaldsverk – representantskapet.

Sak 7/88 Budsjett/avgifter.

Tilrådinga frå styret vart samrøystes vedteke.

BUDSJETT 1989.

Føresetnader.

Grunnlaget for budsjettet kan på ein skilde punkt vere litt vanskeleg å fastsetje ettersom ein enno forhandlar med leverandørar, transportørar m.m. Grunnarbeidet er pr. d.d. ute på tilbodsrekning, og bygget er enno ikkje prosjektert som fylgje av at avtale med utstyrsprodusent enno ikkje er underteikna. Kostnadsoverslaga er rekna innanfor realistiske rammer.

Dei einskilde budsjettpostar har blitt gjennomgått med fellesrenovasjonen og vurdert så nøyne det let seg gjere. Fellesrenovasjonens budsjett for 1988 har vore brukt ved utarbeiding av budsjettforslaget for 1989.

I budsjettframlegget er det føresett utviding til full renovasjon i kommunane, med unntak av Urke/Norangdal, Standal, Trandal, Osdalen, Steinnes.

Det er vidare rekna med at noko meir forretningsavfall blir henta av reinhaldsverket, totalt omlasta mengde⁴³²⁸ tonn. Bemanningsplanen går ut på 3 sjåførar, 6 innsamlarar og 1 stilling i administrasjon. På utstyrssida er det rekna med at reinhaldsverket får overta materiellet vederlagsfritt frå kommunane, samstundes med at det er oppført 1 ny komprimatorbil med utstyr for containertømming. Denne er forutsett finansiert ved lån. Det er framleis rekna med å bruke papirsekker, men denne utgiftsposten kan reduserast noko ved overgang til plastsekker.

Gassrensinga har tidlegare blitt antyda til kr. 50-100,- pr. tonn og var føresett gjeldande frå 1.1.90. Ein har pr. d.d. ikkje fått klart det eksakte beløp, men Tafjord Kraftselskap antydar at gassrensinga kan bli vesentleg dyrare og kan bli gjort gjeldande frå 1.1.89.

1. DRIFTSUTGIFTER.

1.010. Faste løner innsamling	kr. 1.185.000,-
1.020. Ekstrahjelp og overtid	120.000,-
1.030. Arbeidsgjevaravgift	" 198.000,-
1.040. Pensjon	" 64.000,-
1.050. Husleige Aksel Våge	" 73.000,-
1.060. Grunnleige fyllplass	" 650,-
1.070. Reise-/kostgodtgjerdsle	" 45.000,-
1.080. Avgifter/trygdingar bilar	" 60.000,-
1.090. Drivstoff m.m. bilar	" 85.000,-
1.100. Reparasjon og vedlikehald	" 50.000,-
1.110. Godtgjerdsle klær	" 18.000,-
1.120. Innleige av maskiner/arbeidshjelp	" 110.000,-
1.130. Kjøp av sekkar	<u>" 490.000,-</u>
	kr. 2.498.650,-
1.140. Renter/avdrag faste installasjoner	" 666.000,-
1.150. Transportkostnader	" 343.965,-
1.160. Forbrenningskostnader	" 1.925.960,-
1.170. Kapitalkostnader 1 ny bil	" 160.000,-
1.180. Avgifter/trygdingar bygg	" 40.000,-
1.190. Andre utgifter	" 70.000,-
1.200. Rekneskap/revisjon	" 20.000,-
1.010. Faste løner omlastingsstasjon/adm.	" 240.000,-
1.030. Arbeidsgjevaravgift	" 40.000,-
1.040. Pensjon	" 13.000,-
1.210. Renteutgifter kassekreditt	<u>" 100.000,-</u>
Sum driftsutgifter 1989, eks. gassrensing	<u>kr. 6.117.575,-</u>

2. DRIFTSINNTEKTER.

2.010. Stativavgift	kr. 4.685.560,-
2.020. Forretningsavfall henta av reinhaldsv.	" 640.000,-
2.030. Eigenlevert avfall	" 730.015,-
2.040. Salg av sekker	" 50.000,-
2.050. Ref. ekstra ferieveke	<u>" 12.000,-</u>
Sum driftsinntekter 1989	<u>kr. 6.117.575,-</u>

AVGIFTER 1989.

Budsjettet gir følgjande avgiftsberekning:

Innsamlingskostnad	2.498.650,- -	62.000,- = kr. 2.436.650,-
Behandlingskostnad	6.117.575,- -	2.498.650,- = kr. 3.618.925,-

Innsamlingskostnad pr. tonn 2.436.650,- /3500 = kr. 696,-

Behandlingskostnad pr. tonn 3.618.925,- /4328 = kr. 836,-

Stativkostnad (696,- + 836,-)0,6 = kr. 920,- eks. mva.

Eigenlevert avfall - avgift kr. 0,84 pr. kg. eks. mva.

Henta avfall - avgift kr. 1,53 pr. kg. eks. mva.

Samanfatta gir budsjettet slike einskildkostnader:

Stativavgift	kr. 920,- eks. mva.
Kolli henta av reinhaldsverket	" 16,- eks. mva.
Levert avfall pr. m^3	" 92,- eks. mva.
Levert kolli (inntil 60 kg)	" 25,- eks. mva.
Levert avfall pr. tonn	" 836,- eks. mva. ..

Grovavfall blir i dag plassert i fyllplass i Alida. Denne fyllplassen har begrensa kapasitet, og det må snarast etablerast ny grovavfallsfyllplass. Der er tidlegare føresett at ein slik fyllplass skal vere sjølvfinansierande.

Ålesund kommune har fyllplass i Bingsa og tar slik avgift:

Inntil $3 m^3$, pr. m^3 kr. 55,- eks. mva.

Over $3 m^3$ etter vekt, pr. " 400,- pr. tonn eks.mva.

For å ha grunnlag for å etablere ein forsvarleg fyllplass bør det vere naturleg å nytte eit tilsvarande avgiftsnivå som Bingsa.

Når det gjeld problemavfall, blir dette i dag innsamla av private foretak.

Reinhaldsverket bør kunne tilby ei formidlingsteneste for slikt avfall, gjerne ved mellomlagring på omlastingsstasjonen. Nermare organisering av slik teneste kan gjerast etter at omlastingsstasjonen er komen i drift.

Styret gjorde slikt samråystes vedtak:

Styret rår representantskapet til å gjere slikt vedtak:

1. Budsjettforslaget for 1989 blir vedteke.

2. Avgiftssatsar for 1989 blir fylgjande:

				Evt. tillegg for gassrensing, førebels overslag.		
	kr.	920,- eks.mva.		117,- eks.mva.		
Stativavgift						
Kolli tilsv. stativ, henta av VØR	"	16,-	"	"	3,-	"
Levert avfall pr. m ³	"	92,-	"	"	22,-	"
Levert kolli (inntil 60 kg)	"	25,-	"	"	6,-	"
Levert avfall pr. tonn	"	836,-	"	"	195,-	"

Volda/Ørsta Reinhaldsverk.- representantskapet

Sak 8/88 Garanti for låneopptak.

Tilrådinga frå styret vart samrøystes vedteke.

GARANTI FOR LÅNEOPPTAK.

Det er innhenta tilbod på banksamband med følgjande rammer:

- | | |
|------------------------|---------------|
| 1. Byggelån | kr. 5,1 mill. |
| 2. Fastlån | kr. 1,4 mill. |
| 3. Kassekreditt, limit | kr. 3,1 mill. |

Bankane som har gjeve tilbod har sett som føresetnad at kommunane garanterer for låneopptaka.

PER MULVIK A/S

RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF

BYGNINGSTEKNIKK

VOLDA

6101 VOLDA,

BOKS 86

TLF. (070) 76 535

VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK.

Kostnadsoverslag komprimatorstasjon.

Komprimator, teknisk utstyr	kr. 600.000,-
Containere 5 stk	" 283.000,-
Bygningstekniske anlegg, komprimatordel	" 800.000,-
Grunnverv inkl. refusjon	" 390.000,-
Graving, sprenging, kult, grus	" 650.000,-
Asfaltering	" 150.000,-
Prosjektering/prosjektledelse	" 200.000,-
Administrasjonskostnader, byggeledelse	" 100.000,-
Diverse kostnader	" <u>200.000,-</u>
Byggekostnader pr. 1.2.87	kr. 3.373.000,-
Prisstigning 1.2.87-1.5.89	" <u>650.000,-</u>
	✓ kr. 4.023.000,-
10 % investeringsavgift	" 402.000,-
Byggelånsrenter	" <u>200.000,-</u>
Anleggskostnader	kr. <u>4.625.000,-</u>

Volda 22.6.88

S. Selsjord

Volda/Ørsta Reinhaldsverk - finansieringsplan faste installasjonar.

Miljøverndepartementet - tilskot	kr.	925.000,-
Miljøverndepartementet - lån	"	2.312.500,-
Lokal bank	"	<u>1.387.500,-</u>
Sum	kr.	<u>4.625.000,-</u>

Styret gjorde slikt samråystes vedtak:

Styret rår representantskapet til å gjere slikt vedtak:

Representantskapet vedtek å låne inntil slike beløp:

Byggelån	kr. 5,1 mill.
Fastlån	kr. 1,4 mill.
Kassekreditt	kr. 3,1 mill.

Representantskapet bed kvar av kommunane garantere for 50 % av dei same beløpa.

Volda/Ørsta Reinhaldsverk - representantskapet.

Sak 9/88 Valg av banksamband.

Tilrådinga frå styret vart samrøystes vedteke.

Sak 19/88 Banksamband.

Det er innhenta tilbod på banktenester i lokale bankar. Tilboda er blitt vurdert av fagfolk på området.

Det vart bedt om tilbod på følgjande:

Byggelån kr. 5,1 mill.

Fastlån kr. 1,4 mill.

Kassekreditt kr. 3,1 mill.

Tilboda har vore vanskeleg å vurdere opp mot kvarandre, men uttale etter vurdering går på følgjande:

For kassekreditt og byggelån er Sunnmørsbanken A/S mest gunstig.

For langsiktig lån ser Volda og Ørsta Sparebank ut til å ha det beste tilbodet.

Det er vurdert alternativ med 20 års løpetid med 3 års avdragsfri periode, effektiv rente 15,71 %. Det er rekna 1 års bindingstid på renta.

Sunnmørsbanken A/S har gjennom Den Norske Hypotekforening tilbode lån på 20 års løpetid med 5 års avdragsfri periode, effektiv rente 15,2 %, 5 års bindingstid på renta. Renta her verkar lav, men det har samband med lang bindingstid og 5 års avdragsfri periode. Frå eksperthalde har ein blitt tilrådd å velge alternativ med 1 års bindingstid på renta.

Sunnmørsbanken A/S sitt alternativ A kan samanliknast direkte med Sparebankens alternativ. Sunnmørsbankens alternativ A har 3 års avdragsfri periode og 1 års bindingstid på renta. Effektiv rente er 15,8 % mot Sparebankens 15,71 %.

For bruk av kassekreditt er reinhaldsverket avhengig av straumen av inn- og utbetalingar. Når det gjeld utbetalingar reknar ein med at desse blir nokolunde jamnstore kvar månad, ca. kr. 510.000,-. I sak 22/88 blir kommunane bedt om å overføre månadlege beløp til reinhaldsverket. Behovet for kassekreditt vil vere avhengig av takten i overføring frå kommunane.

Når det gjeld offentleg tilskot og lån, har ein fått opplyst i Miljøverndepartementet at tilskotet blir utbetalt med 50 % ved oppstart og 50 % ved revisorgodkjent rekneskap. Lånet vil bli utbetalt etter vanlege reglar i communalbanken, og vil truleg kunne fungere som byggelån.

Saka blir lagt fram til avgjerd utan tilråding til vedtak.

Styret gjorde slikt samråystes vedtak:

Saka vart utsett i påvente av lånevilkår frå KLP.

Tilleggsutgreiing til sak 19/88.

Eg viser til vedtak i styremøte 18.10.88, der saka vart utsett i påvente av lånevilkår frå KLP.

Spørsmålet gjeld langsiktig lån på 1,4 mill., og førespurnad er retta både til KLP og Realkreditt. Reinhaldsverket har fått positivt signal i begge institusjonane.

Opplysningar vi har motteke tyder på at KLP har litt gunstigare rente enn Realkreditt, men KLP gir ikkje så lang løpetid som 20 år. Dessutan vil det gå forholdsvis lang tid før lånet blir utbetalt. Av dette fylgjer at det må oppretta byggelån.

I Realkreditt har reinhaldsverket fått tilbod på lån til eff. rente 15,35 %, og lånet vil bli utbetalt straks nødvendige kommunale vedtak ligg føre. Dermed unngår ein byggelån for dette beløpet.

Saka om banksamband kan samanfattast slik:

Frå fagleg hald har Sunnmørsbanken A/S sitt tilbod på kassekreditt og byggelån blitt vurdert til å vere mest gunstig.

For langsiktig lån er tilboden frå Realkreditt klart betre enn lokale bankar.

Styret gjorde slikt samrøystes vedtak:

Styret rår representantskapet til å gjere slikt vedtak:

Tilboden frå Realkreditt av 21.10.88 når det gjeld fastlån blir godteke.

Sunnmørsbanken A/S blir valgt til banksamband for kassekreditt og byggelån i samsvar med tilbod av 23.9.88.

Volda/Ørsta Reinhaldsverk – representantskapet.

Sak 10/88 Overtaking av renovasjonen.

Tilrådinga frå styret vart samråystes vedteke.

Sak 22/88 Overtaking av renovasjonen.

Spørsmålet om overtaking av fellesrenovasjonen for Volda/Ørsta sine oppgåver har vore drøfta ved fleire høve tidlegare, og årsskiftet 88/89 har blitt sett på som eit gunstig tidspunkt. Tidlegare hadde reinhaldsverket ein romslegare tidsplan, slik at omlegging av dei ymse rutinene kunne skje gradvis. Sakshandsaminga i dei ulike organ har teke lenger tid enn rekna med, slik at tidsplanen etter kvart har blitt svært komprimert, og både overtaking av innsamlinga og oppstart av komprimatorstasjonen vil skje på same tidspunkt.

Representantskapet i reinhaldsverket har vedteke at det innan 1. kvartal 1989 skal vurderast om innsamlinga skal lysast ut på entreprise. Dersom entreprise blir valgt, vil dette medføre ei ny omlegging av organisasjonen, slik at apparatet som no blir oppbygd kan bli av mellombels karakter. Budsjettet for 1989 er basert på bemanningsplan på 10 tilsette.

Det er i dag 13 tilsette i fellesrenovasjonen, av desse 3 på kortvarige avtaler. Som nemnt er budsjettet basert på 10 tilsette, av desse må 4 sjåførar ha førarkort i klasse C. Slik situasjonen er i dag, har 2 av dei fast tilsette og 2 av dei mellombels tilsette førarkort i klasse C. Dette inneber at berre 8 av dei fast tilsette kan disponerast av reinhaldsverket. Dei 2 resterande stillingane må såleis fyllast med enten 2 av dei mellombels tilsette, eller 2 andre med førarkort i klasse C.

Eit uunngåeleg spørsmål er såleis kva som skal skje med dei 3 tilsette (2 i faste stillingar) det ikkje er budsjettdekning for. Skal dei seiast opp, eller skal dei overførast i andre stillingar? Reduksjon i bemanning kjem som følgje av at forbrenningsomnen i Alida blir lagt ned, samstundes med at det blir lagt opp til ei meir rasjonell drift

Når det gjeld arbeidsgjevarforholda har ein frå juridisk hald fått opplyst at desse er dei same som tidlegare. Det er kommunane og ikkje reinhaldsverket som selskap som har det overordna arbeidsgjevaransvaret. Ved overgang til reinhaldsverket vil det vere rett tidspunkt å justere stillingsinstruksane. Ved eventuelle problem med å disponere personell er det kommunane sitt ansvar å ta vare på desse ved overføring til andre områder. Ørsta formannskap har i sak 335/87 vedteke at dei tilsette i noverande renovasjon skal sikrast vidare arbeid ved eventuell privatisering av innsamling og transport. Kommunane må såleis ta stilling til kva som skal skje med dei overflødige stillingane.

I budsjettsamanheng har ein gått ut frå at reinhaldsverket overtek alt innsamlingsmateriell vederlagsfritt. I § 12 i vedtekten går det fram at utstyret Ørsta og Volda i fellesskap har kjøpt inn skal overtakast av selskapet.

I vedtekten § 11 går det fram at kommunane syter for innkrevjing av avgift overfor dei einskilde abonnentar. Kommunane skal betale det utlikna beløpet til reinhaldsverket i forskotsterminar. For å få minimalt bruk for kassekreditt bør dette skje til dømes i månadlege forskotsterminar.

I vedtekten § 3 går det fram at ein driftsleiar skal ha ansvaret for den daglege drift av reinhaldsverket. Det er naturleg at oppsynsmannen i fellesrenovasjonen blir tillagt driftsleiarfunksjonen.

I vedtekten § 3 går det vidare fram at Volda kommune skal føre nødvendig rekneskap, og revisjonen skal utførast av distriktsrevisor. Godtgjerdssle for dette må klarleggast.

Representantskapet gjorde i sak 2/88 vedtak om å gi sekretariatet i oppdrag innan 1. kvartal 1989 å legge fram vurdering om innsamling skal skje i eigen regi eller etter entreprise. For å kunne vurdere dette må det innhentast tilbod på innsamlinga. VIAK A/S har tidlegare gitt tilbod på utarbeiding av tilbodsdocument og innhenting av tilbod. Kostnaden med dette er kr. 25.000,- eks. mva. med tillegg av prisstigning frå 1.5.88. Dette er ei naturleg vidareføring av arbeidet VIAK A/S gjorde i samband med vurdering av transporten.

PER MULVIK

Styret gjorde slikt samrøystes vedtak:

Styret rår representantskapet til å gjere slikt vedtak:

1. Av dei tilsette i noverande fellesrenovasjon blir 10 overteke av reinhaldsverket.
4 tilsette må ha førarkort i klasse C.
Kommunane blir bedt om å forhandle med arbeidstakarorganisasjonane om kven som skal overførast til reinhaldsverket.
2. Oppsynsmannen i noverande fellesrenovasjon blir tillagt driftsleiarfunksjonen i Volda/Ørsta Reinhaldsverk. Det skal utarbeidast instruks for driftsleiarstillinga.
3. Volda/Ørsta Reinhaldsverk overtek utstyret i fellesrenovasjonen vederlagsfritt.
4. Kommunane betalar utlikna renovasjonsavgift til reinhaldsverket i forskots-terminar, ein gong pr. månad.
5. VIAK A/S får i oppdrag å innhente tilbod på innsamling.

Volda/Ørsta Reinhaldsverk – representantskapet.

Sak 11/88 Låneopptak ny innsamlingsbil.

I møte 19/12-88 vart tilrådinga frå styret samrøystes vedteke.

Sak 31/88 Låneopptak til ny innsamlingsbil.

Styret vedtok i sak 24/88 å gå til innkjøp av ny innsamlingsbil, og bad samstundes representantskapet gjere vedtak om nødvendig låneopptak.

I vedtekene går det fram at representantskapet har høve til å låne inntil kr. 1.000.000,-. Låneopptaket er på kr. 750.000,- og ligg såleis innanfor den vedtaksfesta ramma til representantskapet. Det er noko uklart om det trass i at lånerammen er vedtektsfesta, må gjerast garantivedtak av kommunane. Låneinstitusjonane har kravd dette.

Når det gjeld låneopptaket har det kome inn 2 tilbod, Sunnmørsbanken A/S og Realkreditt. Sunnmørsbanken A/S har effektiv rente 14,25 og Realkreditt 15,00 %. Sunnmørsbanken A/S har såleis det gunstigaste tilbodet. Sunnmørsbanken A/S sitt totalt sett rimelegaste lånealternativ er serie-lån med etterskotsberekna rente. Dette gir noko høgre kapitalkostnader første åra enn rekna med i budsjettet for 1989, men avtar etter kvart til eit nivå langt under det gjennomsnittet som var sett opp i samband med budsjettet for 1989.

Styret vil rá representantskapet til å gjere slikt vedtak:

Volda/Ørsta Reinhaldsverk tek opp lån gjennom Sunnmørsbanken A/S for finansiering av ny innsamlingsbil i samsvar med pkt. 1 i tilbod av 15. des.

Formannskapa i Ørsta og Volda blir bedt om å garantere for kr. 375.000,- kvar.

Sak 30/88 Lån i Norges Kommunalbank.

Norges Kommunalbank har innvilga Volda/Ørsta Reinhaldsverk kr. 2.200.000,- i lån til bygging av omlastingsstasjon. Lånevilkåra har ikke vore handsama i kommunane, og communalbanken krev at dette blir gjort.

Kommunane har tidlegare garantert for m.a. byggelån. Det som no synest klart, er at det truleg blir minimalt behov for byggelån ettersom lånet både i communalbanken og Realkreditt kan brukast som byggelån. Det er såleis ikke tale om å auke det samla garantiansvaret som kommunane allereie har gitt, men at kommunane garanterer særskilt for lånet i communalbanken, og godkjenner lånevilkåra.

Tilråding til vedtak:

Styret i Volda/Ørsta Reinhaldsverk viser til brev fra Norges Kommunalbank datert 1. desember 1988, og bed formannskapa i Volda og Ørsta godkjenne lånevilkåra og garantere for lånepoptaket. Garantiansvaret vil utgjere kr. 1.100.000,- for kvar av kommunane.

Samrøystes vedteke i samsvar med tilrådinga.

Volda/Ørsta Reinhaldsverk

Styremøte 4.1.88

Desse møtte: Rasmus R. Aarflot, Knut Bere, Helge Remøy, Sverre Snipsøy.

Dessutan møtte Jan Driveklepp, Per Schjelderup.

Sak 1/88 Vurdering av innsamlings- og transportrutiner, valg av konsulent.

Der er innhenta tilbod fra 5 konsulentfirma, der prisen varierer fra kr. 58.000,- eks. mva. til kr. 80.000,- eks. mva.

For samtlege gjeld at reiser og biutgifter kjem i tillegg.

Tilbodsoversikt låg føre ved handsaminga.

VIAK A/S, Molde, hadde det rimelegaste tilbodet.

Samrådstes vedtak: VIAK A/S blir vald til konsulent under føresetnad av at tilfredsstillende kontrakt blir oppnådd.

Volda 5.1.88

PER MULVIK A/S
RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF
BYGNINGSTEKNIKK

VO^LDA

for Styrelsen

Går til: Styremedlemene

Ørsta formannskap

Volda formannskap

Volda/Ørsta Reinhaldsverk

Styremøte 28.3.88.

Desse møtte: Lars Petter Øye, Helge Remøy, Rasmus R. Aarflot, Knut Bere.

Dessutan møtte Per Schjelderup.

Fylgjande saker vart handsama:

Sak 2/88. Innsamlings- og transportrutinar.

" 3/88. Avtale med Tafjord Kraftselskap.

" 4/88. Slambehandling.

" 5/88. Referatsaker.

" 6/88. Overtaking av fellesrenovasjonen for Volda/Ørsta.


Sakene med vedtak fylgjer vedlagt.

Volda 28/3- 88

PER MULVIK A/S
RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF

BYGNINGSTEKNIKK

VOLDA



Sak 2/88. Innsamlings- og transportrutinar.

I samsvar med tidlegare vedtak er vurdering av innsamlings- og transportrutinar no gjennomført, og rapporten er utsendt til styremedlemene.

Etter vedtak i sak 1/88 er det VIAK A/S som har utført vurderinga.

Oppdraget gjekk ut på følgjande:

1. Vurdering av innsamlingsrutinane.

- a). Offentleg innsamling basert på dagens ordning og utstyr. Utstyret skal overtakast av Reinhaldsverket. Omlasting i komprimatorstasjon.
- b). Innsamling basert på entreprise. Omlasting i komprimatorstasjon.
- c). Innsamling og transport direkte til Ålesund med komprimerande bilar utan omlasting.
- d). Vurdering av vegkanthenting og stativhenting for alternativa a, b og c.

2. Vurdering av transport til Ålesund.

- a). Transport av containerar frå komprimatorstasjon.
- b). Transport med komprimerande bilar utan omlasting, jfr. pkt. 1 c.

Rapporten konkluderer med at omlasting i komprimatorstasjon og vidare transport av containerar på vogntog er klart billegare enn direktekjøring til Ålesund med små komprimerande bilar. Vidare konkluderer VIAK A/S med at innsamling på entreprise og samarbeid med Vanylven truleg gir det økonomisk gunstigaste resultatet.

Innsamling på entreprise og direktetransport samanlikna med dagens innsamlingsordning, omlastingsstasjon og containertransport gir for 1988 omlag dei same kostnadene. Dette skuldast at dagens innsamlingsordning har ein del ledig kapasitet som gir ei gunstig utvikling i kostnader ved auka avfallsmengde.

Innsamling på entreprise og direktetransport gir ei ugunstig kostnadsutvikling ved auke i avfallsmengda.

Når det gjeld innsamling på entreprise, kan ein kva tid det er ynskjeleg innhente tilbod på dette dersom det blir bygd komprimatorstasjon. Omlegging av renovasjonsordninga vil i seg sjølv vere så pass omfattande, at det nok kan

sak 2/88 forts.

vere fornuftig å først etablere dei grunnleggande element, og når dette er innarbeidd kan ein vurdere å innhente tilbod på innsamlinga.

Med bakgrunn i rapporten frå VIAK A/S og ovanforståande orientering, vil styret samrøystes rå representantskapet til å gjere slikt vedtak:

1. Volda/Ørsta Reinhaldsverk vedtek at det blir bygt komprimatorstasjon i industriområdet ved flyplassen, og at transport til Ålesund skal skje i containerar.
 2. Reinhaldsverket vil be Ørsta kommune om å tildele tomta snarast.
 3. Komprimatorstasjonen skal detaljplanleggast, tilbodsdocument utarbeidast og finansieringa ordnast. *tilbod
Sekretariatet har mottatt oppdrag fra
Bankensamband.*
 4. Det skal innhentast tilbod på transport frå komprimatorstasjon til Ålesund.
Skryt
 5. Inntil vidare vert dagens ordning med kommunal innsamling valgt. Ved naturleg avgang skal det inntil vidare ikke tilsettast folk i faste stillingar.
innan 6. kvartal 1989
 6. Sekretariatet får i oppdrag å legge fram vurdering om innsamling seinare skal skje i eigen regi eller etter entreprise.
Sidfesting
- Bankensamband og trossab i repræsentantskapet.*
- Skryt blir pålagd i)*
- 3. Detaljplanleggjør av komprimatorstasjon, innhente tilbod, arbeide med finansiering og varden bankensamband.*
- 5. Skryt skal inngå kontrakt med leverandøren / framportør.*

Sak 3/88. Avtale med Tafjord Kraftselskap.

I møte med Tafjord Kraftselskap den 28.01.88 vart det utarbeidd forslag til avtale om levering av avfall frå Volda/Ørsta Reinhaldeverk til Ålesund Forbrenningsanlegg Grautneset.

Forslaget til avtale er seinare godkjent av styret i Tafjord Kraftselskap.

Styret rår samråystes representantskapet til å gjere slikt vedtak:

Avtalen med Tafjord Kraftselskap blir godkjent.

Sak 4/88. Slambehandling.

Konsulentfirmaet A/S Garmann & Co har utarbeidd utgreiing og rapport om problema kring slambehandlinga. Rapporten er tidlegare utsendt til styremedlemene.

Vedtak:

Styret viser til utgreiing frå A/S Garmann & Co, og vil rá til at alternativ 1 med utslepp i Alida blir valgt.

Før styret gjer endeleg vedtak, ber ein om Miljøvernavdelinga i Møre og Romsdal si vurdering.

Sak 5/88 Referatsaker.

- a). Reguleringsarbeid: Omregulering til fordel for omlastingsstasjon har vore ute til offentleg ettersyn, og skal handsamast på møte i HTS i Ørsta 13.4.88.

Når det gjeld grovavfallsfylling i Alida, er det offentleg kunngjort at reguleringsarbeidet er i gang. Merknader er innkomne, og reguleringsarbeidet er så vidt kome i gang.

- b). Brev frå Arbeidstilsynet av 9.3.88 og tilsvær av 14.3.88.
- c). Brev frå fylkesmannen av 19.2.88 og tilsvær av 24.2.88.
- d). Utbetaling av faktura frå A/S Garmann & Co.
- e). Utbetaling av fakturaer frå VIAK A/S.

Sak 6/88. Overtaking av fellesrenovasjonen for Volda/Ørsta.

Det vart på styremøtet drøfta kva tidspunkt som vil høve best for å overta den noverande fellesrenovasjonen sine oppgåver.

Vedtak:

Det skal leggast fram ei sak om overføring av renovasjonen frå fellesrenovasjonen for Volda/Ørsta til Reinhaldsverket.

PER MULVIK A/S

RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF

BYGNINGSTEKNIKK

VOLDA

6101 VOLDA,

BOKS 86

TLF. (070) 76 535

Volda/Ørsta Reinhaldsverk/ Fellesrenovasjonen for Volda/Ørsta.

Felles styremøte 7.6.88.

Desse møtte: Lars Petter Øye, Rasmus R. Aarflot, Knut Bere, Helge Remøy, Knut Brune, Knut Krøvel Velle, Sigbjørn Hessen, Asbjørn Aasebø, Per Schjelderup.

Fylgjande saker vart handsama:

Sak 7/88 Vidare handsaming av Reinhaldsverksaka.

Lars Petter Øye orienterte om resultatet av handsaminga av tomtespørsmålet i Ørsta kommunestyre, der saka vart utsett i påvente av ytterlegare vurderingar. Rasmus R. Aarflot meinte at Reinhaldsverket må halde seg til dei godkjende vedtekten, og at det snarast vert halde eit møte mellom Ørsta formannskap og Reinhaldsverket for å drøfte saka.

Knut Bere meinte at Volda kommune har eit særskilt arbeidsgjevaransvar for dei tilsette i Alida, og at kommunen er i eit stort tidspress.

Rasmus R. Aarflot minte om tidlegare vedtak i Reinhaldsverket om framdrift i saka, og at vedtaket er gjort i samsvar med selskapets vedtekter.

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak:

Tidlegare arbeid og utgreiingar skal samanfattast i eit eige skriv og oversendast Ørsta formannskap.

Volda/Ørsta Reinhaldsverk vil be Ørsta formannskap om eit møte snarast, med sikte på at saka kan handsamast på nytt i Ørsta kommunestyre den 20. juni.

Sak 8/88 Leveranse av avfall til Grautneset.

Det har lenge vore føresetnaden å starte levering av avfall til Grautneset 1. august 1988. Arbeidstilsynet har truga med dagmulkt dersom drifta i Alida ikkje blir avvikla. Ut frå dette har derfor Reinhaldsverket lagt opp sin framdriftsplan. Å få tildelt tomt for omlastingsstasjon er avgjerande for den vidare framdrift, og så lenge dette ikkje er avklart, står detaljplanlegginga av Reinhaldsverket i stampe. Ein slik situasjon vil neppe føre til at Arbeidstilsynet vil vise tolmod. For om mogleg å unngå dagmulkt på forbrenningsanlegget i Alida må det difor organiserast ei mellombels ordning for avlasting av forbrenningsomnen.

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak:

Administrasjonen for fellesrenovasjonen for Volda/Ørsta får i oppdrag å planlegg kriseløysing for transport til Grautneset med sikte på oppstart 1. august 1988.

Volda 7.6.88

PER MULVIK A/S
RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF
BYGNINGSTEKNIKK
VOLDA

 *Per Mulvik*

Går til: Lars Petter Øye

Helge Remøy

Rasmus R. Aarflot

Knut Bere

Knut Krøvel Velle

Sigbjørn Hessen

Asbjørn Aasebø

Knut Brune

Knut J. Eikrem

Jan Driveklepp

Ørsta formannskap

Volda formannskap

Volda/Ørsta Reinhaldsverk

Styremøte 10.6.88

Desse møtte: Lars Petter Øye, Helge Remøy, Rasmus R. Aarflat, Knut Bere.

Dessutan møtte Per Schjelderup

Sak 9/88. Framlegg til reguleringsendring i industriområdet ved flyplassen.

Ein viser til vedtak i Ørsta kommunestyre i sak 164/88, der kommunestyret bed om ytterlegare utgreiingar.

Reinhaldsverket viser til at dette ved fleire høve er vurdert, jfr. orientering til Ørsta formannskap datert 8.6.88.

Reinhaldsverket viser også til møte med Ørsta formannskap 10.6.88.

Vedtak:

På bakgrunn av ovanforståande bed Volda/Ørsta Reinhaldsverk om at saka på nytt blir teke opp til handsaming i Ørsta kommunestyre den 20. juni 1988.

Volda 10.6.88

PER MULVIK A/S
RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF
BYGNINGSTEKNIKK


Per Schjelderup

Går til: Ørsta formannskap

Volda formannskap

Lars Petter Øye

Helge Remøy

Rasmus R. Aarflat

Knut Bere

Jan Driveklepp

PER MULVIK

Volda/Ørsta Reinhaldsverk - representantskapet.

Sak 10/88 Overtaking av renovasjonen.

Sak 22/88 Overtaking av renovasjonen.

Spørsmålet om overtaking av fellesrenovasjonen for Volda/Ørsta sine oppgåver har vore drøfta ved fleire høve tidlegare, og årsskiftet 88/89 har blitt sett på som eit gunstig tidspunkt. Tidlegare hadde reinhaldsverket ein romslegare tidsplan, slik at omlegging av dei ymse rutinene kunne skje gradvis. Sakshandsaminga i dei ulike organ har teke lenger tid enn rekna med, slik at tidsplanen etter kvart har blitt svært komprimert, og både overtaking av innsamlinga og oppstart av komprimatorstasjonen vil skje på same tidspunkt.

Representantskapet i reinhaldsverket har vedteke at det innan 1. kvartalet 1989 skal vurderast om innsamlinga skal lysast ut på entreprise. Dersom entreprise blir valgt, vil dette medføre ei ny omlegging av organisasjonen, slik at apparatet som no blir oppbygt kan bli av mellombels karakter. Budsjettet for 1989 er basert på bemanningsplan på 10 tilsette.

Det er i dag 13 tilsette i fellesrenovasjonen, av desse 3 på kortvarige avtaler. Som nemnt er budsjettet basert på 10 tilsette, av desse må 4 sjåførar ha førarkort i klasse C. Slik situasjonen er i dag, har 2 av dei fast tilsette og 2 av dei mellombels tilsette førarkort i klasse C. Dette inneber at berre 8 av dei fast tilsette kan disponerast av reinhaldsverket. Dei 2 resterande stillingane må såleis fylland med enten 2 av dei mellombels tilsette, eller 2 andre med førarkort i klasse C.

Eit uunngåeleg spørsmål er såleis kva som skal skje med dei 3 tilsette (2 i faste stillingar) det ikkje er budsjettdekning for. Skal dei seiast opp, eller skal dei overførast i andre stillingar? Reduksjon i bemanning kjem som fylgje av at forbrenningsomnen i Alida blir lagt ned, samstundes med at det blir lagt opp til ei meir rasjonell drift

Når det gjeld arbeidsgjevarforholda har ein frå juridisk hald fått opplyst at desse er dei same som tidlegare. Det er kommunane og ikkje reinhaldsverket som selskap som har det overordna arbeidsgjevaransvaret. Ved overgang til reinhaldsverket vil det vere rett tidspunkt å justere stillingsinstruksane. Ved eventuelle problem med å disponere personell er det kommunane sitt ansvar å ta vare på desse ved overføring til andre områder. Ørsta formannskap har i sak 335/87 vedteke at dei tilsette i noverande renovasjon skal sikrast vidare arbeid ved eventuell privatisering av innsamling og transport. Kommunane må såleis ta stilling til kva som skal skje med dei overflødige stillingane.

I budsjettsamanheng har ein gått ut frå at reinhaldsverket overtek alt innsamlingsmateriell vederlagsfritt. I § 12 i vedtektena går det fram at utstyret Ørsta og Volda i fellesskap har kjøpt inn skal overtakast av selskapet.

I vedtekten § 11 går det fram at kommunane syter for innkrevjing av avgift overfor dei einskilde abonnentar. Kommunane skal betale det utlikna beløpet til reinhaldsverket i forskotsterminar. For å få minimalt bruk for kassekreditt bør dette skje til dømes i månadlege forskotsterminar.

I vedtekten § 3 går det fram at ein driftsleiar skal ha ansvaret for den daglege drift av reinhaldsverket. Det er naturleg at oppsynsmannen i fellesrenovasjonen blir tillagt driftsleiarfunksjonen.

I vedtekten § 3 går det vidare fram at Volda kommune skal føre nødvendig rekneskap, og revisjonen skal utførast av distriktsrevisor. Godtgjerdssle for dette må klarleggast.

Representantskapet gjorde i sak 2/88 vedtak om å gi sekretariatet i oppdrag innan 1. kvartal 1989 å legge fram vurdering om innsamling skal skje i eigen regi eller etter entreprise. For å kunne vurdere dette må det innhentast tilbod på innsamlinga. VIAK A/S har tidlegare gitt tilbod på utarbeiding av tilbodsdocument og innhenting av tilbod. Kostnaden med dette er kr. 25.000,- eks. mva. med tillegg av prisstigning frå 1.5.88. Dette er ei naturleg vidareføring av arbeidet VIAK A/S gjorde i samband med vurdering av transporten.

PER MULVIK

Styret gjorde slikt samråystes vedtak:

Styret rår representantskapet til å gjere slikt vedtak:

1. Av dei tilsette i noverande fellesrenovasjon blir 10 overteke av reinhaldsverket.
4 tilsette må ha førarkort i klasse C.
Kommunane blir bedt om å forhandle med arbeidstakarorganisasjonane om kven som skal overførast til reinhaldsverket.
2. Oppsynsmannen i noverande fellesrenovasjon blir tillagt driftsleiarfunksjonen i Volda/Ørsta Reinhaldsverk. Det skal utarbeidast instruks for driftsleiarstillinga.
3. Volda/Ørsta Reinhaldsverk overtek utstyret i fellesrenovasjonen vederlagsfritt.
4. Kommunane betalar utlikna renovasjonsavgift til reinhaldsverket i forskots-terminar, ein gong pr. månad.
5. VIAK A/S får i oppdrag å innhente tilbod på innsamling.

PER MULVIK A/S

RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF

BYGNINGSTEKNIKK

VOLDA

6101 VOLDA,

BOKS 86

TLF. (070) 76 535

Sigbjørn Kvistad

Gudny Fagerhol

Magnus Riisnæs

Nils Taklo

Stein Aam

Svanhild Myklebust

Ingvald Rørnes

Anne Ellingsen

Bjørg Kragset

Lars Petter Øye

Helge Remøy

Rasmus R. Aarflot

Knut Bere

Jan Driveklepp

Volda/Ørsta Reinhaldsverk.

Vedlagt blir oversendt orientering om bakgrunnen for valg av løysingar for ny renovasjonsordning.

Orienteringa er saksdokument for møte med Ørsta formannskap 10. juni.

Volda 8.6.88

PER MULVIK A/S

RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF

BYGNINGSTEKNIKK

VOLDA

fin Seligedamur

VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK
6100 VOLDA

ORIENTERING OM BAKGRUNNEN FOR REINHALDSVERKETS VALG AV LØYSINGAR
FOR NY RENOVASJONSORDNING.

Representantskapet i Volda/Ørsta Reinhaldsverk gjorde i møte den 7.4.88, sak 2/88, slikt endelig vedtak i samband med innsamlings- og transportrutinane:

1. Volda/Ørsta Reinhaldsverk vedtek at det blir bygt komprimatorstasjon i industriområdet ved flyplassen, og at transport til Ålesund skal skje i containerar.
2. Reinhaldsverket vil be Ørsta kommune om å tildele tomta snarast.
3. Styret blir pålagd å detaljplanlegge komprimatorstasjonen, innhente tilbod, arbeide med finansieringa og vurdere banksamband.
4. Styret skal innhente tilbod på transport frå komprimatorstasjonen til Ålesund.
5. Styret skal inngå kontrakter med leverandørar/transportørar.
6. Inntil vidare vert dagens ordning med offentleg innsamling valgt. Ved naturleg avgang skal det inntil vidare ikkje tilsettast folk i faste stillinger.
7. Sekretariatet får i oppdrag innan 1. kvartal 1989 å legge fram vurdering om innsamling skal skje i eigen regi eller etter entreprise.

Vedtaket vart gjort samrøystes av representantskapet med heimel i godkjende vedtekter, og på bakgrunn av eit langvarig og omfattande utgreiingsarbeid, der samarbeid med ansvarlege for dagens renovasjonsordning og eksterne fagfolk har vore eit vesentleg element i beslutningsprosessen.

Eg skal i det etterfylgjande repetere det viktigaste grunnlaget for representantskapsvedtaket i sak 2/88:

Etter kvart som tilhøva ved forbrenningsanlegget i Alida tok til å bli uhaldbar, vart det sett i gang arbeid for å finne ei meir tidmessig form for avfallshandtering. Fyllplass vart tidleg vurdert, men på grunn av vanskar med å finne eigna lokalisering, vart dette sett på som u gjennomførleg.

Eige forbrenningsanlegg har blitt grundig vurdert, og føreslått plassert i industriområdet ved flyplassen. Stadig nye problem og protestar frå nærområdet gjorde seg gjeldande.

Kostnadstala, saman med nye erfaringar frå drift av mindre etablerte anlegg, gjorde at levering til Ålesund vart det mest fordelaktige.

Levering til Grautneset via ømlastingsstasjon vart samrøystes vedteke av representantskapet i møte den 3.4.87. Vedtaket var basert på mellom anna kostnadsvurdering av alternativa eigen forbrenning og transport til Grautneset. Nokre usikre moment gjorde at kalkylen var romsleg sett, og kostnadsannslaga datert 14.2.87 enda med stativkostnad på kr. 1.221,- eks.mva. for transport til Ålesund, og kr. 1.240,- eks.mva. ved eigen forbrenning.

Etter utspel frå Ørsta formannskap vart det halde sammøte mellom formannskapa i Ørsta og Volda den 1.6.87. Resultatet vart at Reinhaldsverket fekk i oppdrag å utgreie alternativet direktekjøring med komprimerande bilar.

Ny utgreiing vart gjort lokalt, med støtte i opplysningar frå eksterne fagfolk i avfallshandtering. Utgreiinga viste at både dei tekniske og økonomiske sidene ved komprimerande bilar for direktetransport ikkje var konkurransedyktige, og særskilt ved aukande avfalls mengde viste dette alternativet seg å ha ei ueheldig økonomisk utsvikling. Tilhøva for publikum ville også bli lite tenleg ved direktekjøring. Eit anna vesentleg element var at bilparken på dei ulike stadane meir måtte tilpassast standarden på vegnettet.

Samstundes med at denne utgreiinga pågjekk, kom det nye og reviderte prognosar over avfalls mengda, som viste ein klar auke i volum, særleg forretningsavfall. Dette skapte grunnlag for å sjå på stativkostnaden på nytt.

Dette resulterte i at stativkostnaden for 1988 vart berekna til kr. 924,- eks. mva., for 1989 kr. 925,- eks.mva og for 1990 kr. 1.008,- eks.mva. Talet for 1990 viser klar auke som følgje av installering av gassrenseanlegg på Grautneset.

Oversikt over renovasjonskostnader i ein del andre kommunar vart utarbeidd, og resultatet viste at vår berekna stativkostnad låg på same nivå, og gjerne i underkant av det andre kommunar med tilsvarende ordning har.

Ørsta formannskap var likevel ikkje nøgd med resultatet og kravde ytterlegare utgreiingar. Tafjord Kraftselskap kravde svar frå Reinhaldsverket om det ynskte å levere avfall til Grautneset. På dette spørsmålet vart det etter kvart semje, og avtale med Tafjord Kraftselskap kome i stand.

Helseråd, Bedriftshelseteneste, Miljøvernavdelinga i fylket og Arbeidstilsynet kravde avklaring på situasjonen i Alida. Vanylven kommune signaliserte ynskje om samarbeid med Volda/Ørsta Reinhaldsverk.

Representantskapet gjorde i møte 1.12.87 i sak 2/87 vedtak om m.a. å få vurdert innsamlings- og transporrutinane av ekstern konsulent, og rekna med at når vurderinga var klar, skulle Reinhaldsverket få fullmakt til å velge den endelege løysing.

Pristilbod på konsulentvurdering vart innhenta hjå 7 ulike firma, og VIAK A/S vart som lavaste tilbydar valgt.

VIAK A/S fekk innlevert alt materiell og opplysningar dei ynskte, og fekk frist til 15.3.88 med å ha rapporten klar. Rapporten frå VIAK A/S låg føre til avtalt tid, og konkluderte m.a. med at omlasting i komprimatorstasjon og vidare transport med containerar på vogntog er klart billegare enn direktekøyring til Alesund med små komprimerande bilar (10 m³).

Direktekøyring med store komprimerande bilar (20 m³) vart ikkje vurdert nærmare på grunn av vegstandarden på innsamlingsrutene. Innsamling i åpen container og mobil omlasting til store komprimerande bilar vart heller ikkje vurdert som aktuelt på grunn av miljøulempene.

For å utdjupe dette litt nærmare, vil eg gå litt nærmare inn på problemet som er fylgjande:

Skal systemet baserast på mobil omlasting, må innsamlinga i bustadområda skje i åpne containrarar.

I det kystområdet vi bur i er vi ofte utsett for sterk vind. Dette vil medføre at flygeavfall frå åpne containrarar ikkje er til å unngå, både på innsamlingsrutene og på dei meir eller mindre tilfeldige stadane der omlasting vil føregå. Dette er derfor den vesentlege innvendinga på den miljømessige sida.

Det andre forholdet er servicegraden overfor publikum. Dagleg har publikum behov for å leve tilfeldig avfall, problemavfall, batteri o.l. utanom dei faste innsamlingsrutinane. Ved ei ordning med direktekøyring av avfall vil publikum misse ein fast leveringsstad for slikt avfall. Dette vil medføre ein sterkt redusert service overfor publikum, og faren for forsøpling av naturen vil derfor vere ein naturleg konsekvens av eit redusert servicetilbod. Dette har også vore eit vesentleg moment for styre og representantskap i Volda/Ørsta Reinholdsverk.

Når det gjeld økonomien ved bruk av store komprimerande bilar for transport til Grautneset, har dette blitt vurdert tidlegare og funne som ei dyrare ordning.

Det har ved einskilde høve blitt vist til renovasjonsordninga i Hallingdal. Etter å ha undersøkt dette nærmare, kan eg bemerke fylgjande:

Hallingdal har eige forbrenningsanlegg som ligg nokolunde sentralt i innsamlingsområdet. Dei har såleis andre føresetnader for innsamling og transport enn vi har som må langt ut om innsamlingsområdet for å få behandla avfallet.

Vi må dessutan transportere avfallet over eit fergesamband, og må såleis ta sørlege omsyn til dette.

Lokal innsamling i Hallingdal skjer ved åpne containrarar, men ettersom dette skjer i eit innlandsområde, er faren for flygeavfall langt mindre på grunn av gunstigare vindtilhøve.

Forretnings- og næringslivsavfall blir levert på den måten at kundane sjølv kjøper inn containrarar som er tilpassa omlastingsystemet på komprimatorbilane. Skulle ei tilsvarande ordning innførast her, ville det bety at alle næringslivs- og forretningskundar må kjøpe inn sine private containrarar.

Det kan såleis vere grunn til å spørje seg om dette er ei tenleg løysing, som samla vil bety ei stor investering for næringslivet i tillegg til å ha eit stort tal containerar spreidde over alt i sentrumsområda.

Hallingdal har dessutan eit stort antal hytter. Desse leverer avfallet sjølv i utplasserte containerar, men har same abonnementspris som andre. Dette bidrar til å redusere stativkostnaden.

Renovasjonsavgifta for Hallingdal er kr. 820,- + mva. pr. år.

Den økonomiske vurderinga i rapporten frå VIAK A/S, saman med kjende tal for omlasting, transport til Grautneset og behandlingskostnad, syner at vi for Volda/Ørsta Reinholdsverk sin del nærmar oss renovasjonsavgifta for Hallingdal dersom ein held kostnaden med garasje/velferdsbygg utanfor.

Det kan kanskje skuldast i at vi ikkje har lukkast i å spreie nok og fyldig informasjon ut, men Ørsta kommunestyre vedtok likevel i sitt siste møte å be om ytterlegare utgreiingar.

Med bakgrunn i det som tidlegare er blitt utgreidd og som det i det føregåande har blitt gjort greie for, er det noko vanskeleg å gjere seg opp ei meining om kva som eigentleg bør gjerast.
Volda/Ørsta Reinholdsverk vel å tru at for lite informasjon er bakgrunnen for vedtak i siste møtet i Ørsta kommunestyre.

Volda/Ørsta Reinholdsverk har heile tida lagt stor vekt på å fordele ulempene mest mogleg mellom dei to kommunane, og har heile tida hatt for auga at den valgte løysing skal bli både den rimelegaste og den best mogelege for publikum. Det er allereie i vedtaks form sagt at transport til Ålesund skal lysast ut på tilbod, og at det innan 1. kvartal 1989 skal vurderast om også innsamlinga skal settast vekk.

Reinholdsverket ser det som ufordelaktig at det sjølv ikkje skal ha ei viss styring av det heile, slik at eit visst servicenivå vert sikra overfor kundar som har forretningsavfall, problemavfall, batteri m.v.

Reinholdsverket er derfor av den oppfatning at ein omlastingsstasjon er eit vesentleg element i styring av heile systemet, der Reinholdsverket står som eigar og driver av ein omlastingsstasjon. Levering av problemavfall vert eit stadig meir aktuelt problem, slik at ein fast leveringsstad vil vere av stor verdi for brukargruppene.

Som eigar og driver av ein omlastingsstasjon vil Reinholdsverket fritt, og på kva tidspunkt det ynskjer, kunne innhente separate eller samla tilbod på innsamling og/eller transport til Grautneset.

Dette vil sikre at ein på den eine sida tek godt vare på servicebehovet for publikum, samstundes med at kostnadsnivået kan haldast så lavt som mogleg.

Volda/Ørsta Reinhaldsverk bed med bakgrunn i styrets vedtak i sak 7/88 og med bakgrunn i denne utgreiinga om eit snarleg møte med Ørsta formannskap for om mogleg å få ei avklaring i saka.

Volda, den 8.6.88
Per Schjelderup
Per Schjelderup

Går til: Ørsta formannskap
Volda formannskap
Lars Petter Bye
Helge Remøy
Rasmus R. Aarflot
Knut Bere
Jan Driveklepp
Fellesrenovasjonen for Volda/Ørsta
v/Volda kommune, tekn. etat

PER MULVIK A/S

RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF
BYGNINGSTEKNIKK
VOLDA

6101 VOLDA,
BOKS 86
Tlf. (070) 76 535

Lars Petter Øye

Helge Remøy

Rasmus R. Aarflot

Knut Bere

Jan Driveklepp

Volda/Ørsta Reinhaldsverk.


Vedlagt blir oversendt saksdokumenta til styremøte 14.9.88 kl. 18.00.

Sak 16/88 som var oppført på saklista går inn i sak 11/88.

Volda 6.9.88

PER MULVIK A/S
RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF
BYGNINGSTEKNIKK

VOLDA



P.S.

Vedlagt fylgjer også kopi av førespurnad om tilbod på transport til Ålesund.

D.S.

Til nr. 16/28
Sæt. 16/28

Sak 10/88. Valg av leverandør komprimator.

Det har kome inn 4 komplette tilbod på teknisk utstyr/containerar, frå C. Grindvold A/S, Oslo og P.E. Bjørdal A/S, Ørsta, Syltang, Euro Ternit. Frå begge firma inngår containerar i leveransen.

C. Grindvold A/S har lenge levert komprimatorutstyr, men på grunn av endring på forhandlarsida, er dette siste anlegget som blir levert av C. Grindvold A/S. Dette kan vere uheldig med tanke på framtidig vedlikehald og service.

P.E. Bjørdal A/S har det klart rimelegaste tilbodet, og er ein av dei nærmeste naboane til omlastingsstasjonen. P.E. Bjørdal A/S har ikkje produsert slikt utstyr tidlegare, men garanterer anlegget driftsklart og utprøvd, og stiller alle nødvendige garantiar. P.E. Bjørdal A/S har opplyst at dei vil satse på dette området, og ynskjer å ha dette som referanseanlegg.

Det er ynskjeleg å drøfte denne saka nærmare før ein går i forhandlingar med leverandør.
~~til skipnisti 17.9.88 har vrt komme tilbord fra
Syltang Agentur AS og Euro Ternit AS~~

Vedtak: Leverandør skal velges

~~Det~~ Etter valgt mellom dei 4 som
har present tilbord. Det skal innkoma
oppbygninga fra 2 tilborda
Saman til ein leir. Saka blir å legg fram
på nytt skipnisti 26.9.88.

Sukl. fraat og innkoma.

Nytt skipnisti: Mandag 26.9. kl. 20⁰⁰.
Draf. leir.

Sak 11/88. Overtaking av renovasjonen.

Spørsmålet om overtaking av fellesrenovasjonen for Volda/Ørsta sine oppgåver har vore drøfta ved fleire høve tidlegare, og årsskiftet 88/89 har blitt sett på som eit gunstig tidspunkt, då ein etter tidlegare planar har rekna med at omlastingsstasjonen ville stå ferdig 1. august 1988, og at transport til Ålesund ville vere i godt gjenge ved årsskiftet 88/89. Styret i Reinhaldsverket har også meint at omlegging av renovasjonsordninga må skje gradvis for å unngå driftsproblem.

Tomtetildelinga har teke lenger tid enn rekna med, slik at detaljplanlegginga har starta først no. Dette betyr at omlastingsstasjonen i beste fall kan stå klar ved årsskiftet, avhengig mellom anna av leveringstider og vertilhøve mot slutten av året. Ein slik situasjon medfører at oppstart av permanent transport til Ålesund vil skje samstundes med overtaking av innsamlinga dersom tidlegare målsetjing skal stå ved lag.

Etter mitt syn vil det vere uheldig om Reinhaldsverket skal overta alle funksjonar med renovasjonen på same tidspunktet. Det er vedteke at transport til Ålesund skal utlysast på entreprise, og igangsetjing av denne transporten vil kome til å trenge ei innkjøringsperiode. Den kommunale innsamlinga i dag skjer knirkefritt og utan problem, slik at det ville vere ein stor fordel at denne ordninga fekk halde fram så lenge at transport til Ålesund er i godt gjenge. Hensikta med dette er å spreie risikoen for driftsvanskar mest mogleg.

Eit anna tilhøve er at representantskapet i Reinhaldsverket har vedteke at det innan 1. kvartal 1989 skal vurderast om også innsamlinga skal lysast ut på entreprise. Blir dette vedteke, vil Reinhaldsverket stå i den situasjon at utstyr og mannskap blir overteke berre for nokre få månader, noko som vil medføre mykje ekstra arbeid med først å overta og seinare avvikle ordninga.

Det synest etter dette slik at det er fleire omsyn som talar for at det ikkje er rett tidspunkt å ta over innsamlinga frå årsskiftet 88/89, og at dette bør avgjerast når representantskapet i Reinhaldsverket har vedteke privatisering eller ikkje av innsamlinga. Privat eller offentleg innsamling vil dessutan ha stor innverknad på arbeidsomfanget til den daglege leiaren av Volda/Ørsta Reinhaldsverk. Det er derfor viktig å få avklart om innsamlinga skal vere privat, eller om den skal skje i Reinhaldsverkets regi før det blir tilsett personell.

sak 11/88 forts.

Konklusjonen bør derfor vere at inntil vedtak om privatisering eller ikkje er fatta, bør innsamlinga halde fram som den gjer i dag.

Når det gjeld dei økonomiske og administrative tilhøva, kan det synest praktisk at Reinhaldsverket leiger desse tenestene av kommunane inntil det er gjort vedtak om privatisering eller ikkje. Dersom det blir vedteke privat innsamling, kan noverande ordning avviklast. Skal det framleis vere offentleg innsamling, vil Reinhaldsverket overta utstyr og personell.

Tilråding til vedtak:

- Bj. vifte 1989
topplauv. / schw.
nunov. / mch.
mch. mch.*
1. Volda/Ørsta Reinhaldsverk vil overfor Volda og Ørsta kommunar tilrå at noverande innsamlingsordning held fram inntil det er gjort vedtak om privatisering eller ikkje av innsamlinga.
 2. Dersom det administrativt er den beste ordninga, kan Volda/Ørsta Reinhaldsverk leige innsamlingstenestene av kommunane.
 3. Volda/Ørsta Reinhaldsverk vil tilrå at oppsynsmannen i fellesrenovasjonen har det administrative ansvar inntil vidare.
 4. For å kunne vurdere om innsamlinga bør skje i privat eller offentleg regi, skal innsamlinga lysast ut på tilbod snarast råd, og VIAK A/S blir engasjert til å utarbeide tilbodsdocument og innhente tilbod.

*Petter Byg i
scift bestyr
støtte.*

Midtbuk:

*Gjennom ledet salverførerlhet i samråd med felles-
renovasjonen å utarbeide ~~planlegging~~ ^{administrasjon i} lederjett
og driftsplan for 1989 i høld med
den nynemot som er tilstede i støpet.*

*Inslaget fra Petter Byg varit samarbeidet
med alle.*

Sak 12/88. Budsjett/renovasjonsavgift 1989.

I fylgje vedtekten skal budsjett vedtakast av representantskapet innan 1. september. Av ymse årsaker har det vore vanskeleg å arbeide med dette tidlegare. Ein har fått opplyst at fellesrenovasjonen ikkje utarbeider eige budsjett for 1989.

Budsjett for fellesrenovasjonen var for 1988 kr. 4.160.000,-.

Skal Volda/Ørsta Reinhaldsverk ha eige budsjett frå og med 1989, må dette baserast på kostnadsberekingar og med delvis støtte i kostnadstal frå fellesrenovasjonen. Ein finn det difor rett å bruke vurdering av renovasjonskostnader datert 23.10.87 som grunnlag for budsjett/renovasjonsavgift 1989. I denne vurderinga er det utarbeidd oversikt over renovasjonskostnaden for 1988, 89 og 90.

Innsamlingskostnaden er for 1988 sett til kr. 2.695.000,-, og er oppgitt av fellesrenovasjonen, og bør såleis vere rett å bygge vidare på.

Kapitalkostnader er basert på kostnadsoverslag over faste installasjonar, og blir å justere når byggerekneskapet er avslutta.

Transportkostnader er berekna ut frå tilbod frå større transportfirma.

Transport til Ålesund er utlyst på tilbod. Transportkostnader blir derfor å justere når avtale med transportør ligg føre.

Forbrenningskostnadene er utrekna i samsvar med avtale med Tafjord Kraftselskap. Gassføringa kjem i 1990, og tilleggskostnaden for dette er pr. i dag ukjent.

Driftskostnader for faste installasjonar er stipulert til kr. 250.000,- pr. år.

Samla renovasjonskostnader for 1989 er berekna til kr. 6.529.900,- eks. mva.

Inklusive forretningsavfall er stativkostnaden for 1989 berekna til kr. 925,- eks. mva.

Frå og med 1989 bør såleis renovasjonsavgifta justerast til dette nivået.

Dette skal vedtakast av kommunestyra.

I vedtekten § 3 går det fram at Volda kommune skal føre rekneskap mot godtgjering. Revisjon skal utførast av distriktsrevisor.

*Sak 12/88. Budsjett/renovasjonsavgift 1989
vedtakast i
Sak 12/88*

VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK

Vurdering av renovasjonskostnader for 1988, 1989 Og 1990.

Fylgjande føresetnader er lagt til grunn:

I budsjettet for 1988 er innsamlingskostnaden rekna til kr. 2.695.000,- inkl. sekkekjøp og forretningsavfall.

Dette dekkjer renovasjon av dei tyngste områda i kommunen, og innsamlingskostnaden for dei seinare åra blir difor berre oppjustert med forventa prisauke på 8 %.

Forbrenningskostnad på Grautneset er tidlegare oppgitt til kr. 428,- pr. tonn for 1988 ekskl. gassrensing. Beløpet blir for kvart år justert opp med 8 % prisauke. I 1990 kjem gassrensing i tillegg, antyda til kr. 50 - 100 pr. tonn.

Frå renovasjonen har ein motteke slik prognose for bossmengda:

1988:	Hushaldningsavfall	2760 t	tilsvarende	4600 stativ
	Forretningsavfall	1120 t	"	1866 "
		<u>3880 t</u>		<u>6466 stativ</u>
1989:	Hushaldningsavfall	3442 3056	3060 t	tilsvarende 5100 stativ
	Forretningsavfall	925 870	<u>1176 t</u>	" <u>1960 "</u>
		4267 3926	<u>4236 t</u>	<u>7060 stativ</u>
1990:	Hushaldningsavfall	3120 t	tilsvarende	5200 stativ
	Forretningsavfall	<u>1235 t</u>	"	<u>2058 "</u>
		<u>4355 t</u>		<u>7258 stativ</u>

Forretningsavfallet er omgjort til tilsvarende mengde stativ ettersom føresetnaden er at renovasjonsavgifta skal vere lik for begge typer avfall

Årlege utgifter i samband med innløsing av noverande maskipark er ikkje teke med, og er heller ikkje i tidlegare kalkyler medrekna.

Renovasjonskostnader 1988:

Innsamlingskostnader inkl. sekkekjøp og forr.avfall	kr. 2.695.000,-
Renter/avdrag faste installasjonar	" 904.000,-
Transportkostnader 3880 t a 120,-	" 465.600,-
Forbrenning 3880 t a 428,-	" 1.660.640,-
Drift kompr./garasjer/velf.bygg	<u>" 250.000,-</u>
Sum renovasjonskostnad 1988	<u>kr. 5.975.240,-</u>

Stativkostnad: kr. 5.975.240,- : 6466 stativ = kr. 924,- eks.mva.

Renovasjonskostnader 1989:

Innsamlingskostnader 1988 oppjustert 8 %	kr. 2.910.600,-
Renter/avdrag faste installasjonar 18% av 5.700.000,- "	904.000,- 666.000,-
Transportkostnader 4236 t a 120,- " 508.300,- 512.000,-	
Forbrenning 4236 t a 462,- " 1.957.000,- 1.971.364,-	
Drift kompr./garasjer/velf.bygg	<u>" 250.000,-</u>
Sum renovasjonskostnad 1989	<u>kr. 6.529.900,-</u>

Stativkostnad: kr. 6.529.900,- : 7060 stativ = kr. 925,- eks.mva.

Renovasjonskostnader 1990:

Innsamlingskostnader 1989 oppjustert 8 %	kr. 3.143.400,-
Renter/avdrag faste installasjonar	" 904.000,-
Transportkostnader 4355 t a 120,- " 522.600,-	
Forbrenning 4355 t a(462x1,08 + 75) " 2.499.800,-	
Drift kompr./garasjer/velf.bygg	<u>" 250.000,-</u>
Sum renovasjonskostnad 1990	<u>kr. 7.319.800,-</u>

Stativkostnad: kr. 7.319.800,- : 7258 stativ = kr. 1.008,- eks.mva.

Når det gjeld eventuell vegkanthenting har renovasjonen opplyst at dette vil redusere stativkostnaden med 270 - 280 kr. pr. år.

Volda 23.10.87

PER MULVIK A/S
RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF
BYGNINGSTEKNIKK

VOLDA

Sak 13/88. Tilstetjing av dagleg leiari.

Eg viser til utgreiinga i sak 11/88.

Av § 3 i vedtekten går det fram at ein driftsleiari skal ha ansvaret for den daglege drift av reinhaldsverket.

Arbeidsmengde og ansvarsområde for ein dagleg leiari vil i sterk grad vere avhengig av om innsamlinga skal privatiserast eller skje i eigen regi. Inntil dette er avklart er det ikkje mogleg å utarbeide instruks for dagleg leiari.

Eg viser derfor til tilråding i sak 11/88, og tilrår at oppsynsmannen i fellesrenovasjonen har det administrative ansvaret inntil vidare.

*Sak 13/88
Sak 11/88*

Sak 14/88, Banksamband.

Vedlagt blir oversendt kopi av førespurnad om tilbod på finansiering.

Dette til orientering.

ØR MULVIK A/S

RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF

BYGNINGSTEKNIKK

VOLDA

6101 VOLDA, 6.9.88

BOKS 86

TLF. (070) 76 535

Volda og Ørsta Sparebank, Volda

Sunnmørsbanken A/S, Volda

Sunnmørsbanken A/S, Ørsta

Finansiering av Volda/Ørsta Reinhaldsverk - investering og drift.

Vi viser til korrespondanse hausten 1984 vedk. finansiering av nåverande prosjekt. Sidan det har gått så lang tid og sidan prosjektet har endra seg totalt, særleg på investeringssida, har styret bestemt seg for å gå ut med ny førespurnad om finansiering både av investering og drift.

Etter dei endra planane skal Reinhaldsverket bygge omlastingsstasjon/komprimatorstasjon ved flyplassen i Hovdebygda og dessutan ha ansvar for innsamling til denne stasjonen og for vidaretransport til Ålesund Forbrenningsanlegg Grautneset.

I første omgang skal transporten på innsamlingssida gjerast i eigen regi enten ved å leige det kommunale opplegget pr. i dag, eller ved å overta bilar etc. frå kommunane. Innan 1. kvartal 1989 skal det vurderast om innsamlinga skal settast bort til privat entreprenør. Transport til Ålesund er utlyst på entreprise.

Dette betyr at det i første omgang ikkje vil bli gjort investering i transportutstyr, men dette kan bli aktuelt seinare. Investeringane ein ynskjer finansiert er derfor komprimatorstasjonen. Totalkostnad for denne er kr. 4.625.000,- kfr. vedl.

Søknad om delfinansiering er sendt til Miljøverndepartementet, og vi har fått opplyst over telefon at det er innvilga 20 % tilskot og 50 % lån til prosjektet. Dermed står det att 30 % for lokal finansiering.

Finansieringsplan:

Miljøverndepartementet - tilskot	kr. 925.000,-
Miljøverndepartementet - lån	" 2.312.500,-
Lokal bank	" <u>1.387.500,-</u>
Sum	kr. <u>4.625.000,-</u>

Driftsbudsjettet viser totale inntekter = kostnader på kr. 6,1 mill. for 1988 (årsbasis), kr. 6,7 mill. for 1989 og kr. 7,5 mill. for 1990.

Sidan det er snakk om to innbetalingar pr. år og utgiftene fordeler seg nokolunde jamnt, må ein pårekne eit max. kassakredittbehov på henholdsvis kr. 3,1 mill., kr. 3,4 mill. og kr. 3,8 mill.

På denne bakgrunn bed vi om tilbod på finansieringsopplegg for følgjande:

- | | |
|----------------------------|---------------|
| 1. Byggelån | kr. 5,1 mill. |
| 2. Fastlån | kr. 1,4 mill. |
| 3. Kassekretittlån - limit | kr. 3,1 mill. |

Byggelånet vil truleg stå ved lag i 1/2 - 1 år frå opningsdato. Fastlånet ynskjer vi tilbod på løpetid 15, 20 eller 25 år og med 0 eller 3 års avdragsfridom. Vi bed om tilbod på alle desse alternativa.

Kassekreditten ynskjer vi tilbod på både med rente + provisjon og med flat rente. Dette siste på grunn av ekstremt ujamn belastning.

Vi bed om oppsett som viser tydeleg

- utbetalingsbeløp
- gebyr
- etableringsgebyr
- provisjon
- effektiv rente
- nominell rente
- avdrag og renteplan (1/2 års termin)
- renteregulering

Vi bed om at tilbod på ovanståande blir sendt til rådg. ing. Per Mulvik A/S innan 22.9.88.

Dh.

Med helsing Volda/Ørsta Reinhaldsverk

Lars Petter Øye
Styreform.



Per Schjelderup

Sekr.

PER MULVIK A/S

RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF

BYGNINGSTEKNIKK

VOLDA

6101 VOLDA,
BOKS 86
TLF. (070) 76 535

VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK.

Kostnadsoverslag komprimatorstasjon.

Komprimator, teknisk utstyr	kr. 600.000,-
Containere 5 stk	" 283.000,-
Bygningstekniske anlegg, komprimatordel	" 800.000,-
Grunnverv inkl. refusjon	" 390.000,-
Graving, sprenging, kult, grus	" 650.000,-
Asfaltering	" 150.000,-
Prosjektering/prosjektledelse	" 200.000,-
Administrasjonskostnader, byggeledelse	" 100.000,-
Diverse kostnader	" <u>200.000,-</u>
Byggekostnader pr. 1.2.87	kr. 3.373.000,-
Prisstigning 1.2.87-1.5.89	" <u>650.000,-</u>
10 % investeringsavgift	✓ kr. 4.023.000,-
Byggelånsrenter	" 402.000,-
Anleggskostnader	" <u>200.000,-</u>
	kr. <u>4.625.000,-</u>

Volda 22.6.88



Sak 15/88. Kontor for dagleg leiar/oppsynsmann.

Det er vedteke at det innan 1. kvartal 1989 skal vurderast om innsamlinga skal skje i offentleg eller privat regi.

Vedtak om bygging av garasje/velferdsbygg/kontor kan derfor ikkje fattast før dette er avklart.

Det vil likevel frå oppstartdato av vere behov for kontor for dagleg leiar/oppsynsmann. Ein føreset at omlastingsstasjonen skal vere betjent, slik at kontorplass må etablerast i nær tilknyting til omlastingsstasjonen. Inntil vidare er det tale om ei mellombels løysing, i form av brakke eller liknande.

Skal innsamlinga i framtida skje i offentleg regi, må kontorlokale innpassast i eit permanent bygg. I motsett fall må styret drøfte leiarfunksjonen og behovet for at omlastingsstasjonen skal vere kontinuerleg betjent.

PER MULVIK A/S

RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF
BYGNINGSTEKNIKK

VOLDA

6101 VOLDA,
BOKS 86
TLF. (070) 76 535

TILBOD.

Volda/Ørsta Reinhaldsverk er eit interkommunalt selskap skipa av kommunane Volda og Ørsta. Selskapet har som formål m.a. å samle inn og behandle avfall.

Det er vedteke at hushaldnings- og forretningsavfall skal transporterast til Ålesund Forbrenningsanlegg Grautneset, og det er gjort avtale med Tafjord Kraftselskap om forbrenning av dette.

Omlastingsstasjon er vedteke plassert i industriområdet ved flyplassen i Ørsta kommune. Detaljprosjektering av denne er i gang, og planen er å ha denne i drift snarast mogleg etter årsskiftet 88/89. Volda/Ørsta Reinhaldsverk vil stå som eigar og driftsansvarleg av denne.

Avfallet vil bli lasta og komprimert i containerar. Ògså containerane vil vere Reinhaldsverkets eide dom. Av hensyn til fergetransport er det sett krav om at containerane skal vere fullstendig tette. Transportørens oppdrag starter ved fullasta og avstengd container.

Fylgjande opplysningar skal leggast til grunn for transportoppdraget:

1. Volda/Ørsta Reinhaldsverk har rekna med anskaffelse av 5 stk. containerar.
2. Transportørens oppdrag starter ved fullasta og tett container parkert på bakkenivå.
3. Transporten består i tur/retur Grautneset, inkl. tömming og veging, og avlasting av container på nærmere anvist plass på omlastingsstasjonen.
4. Containerstørrelsen er foreslått til 26 m^3 . Vekt av tom container er ca. 1500 kg. Containerstørrelse og utforming kan tilpassast transportør i samarbeid med produsent.

5. Egenvekt komprimert avfall er av utstyrslverandør oppgitt til 450–550 kg/m³
6. Årleg avfallsmengde er for 1988 rekna til 4.140 tonn (hushaldnings- og forretningsavfall). Avfallsmengda er aukande.
7. Avfallet skal leverast innanfor normal åpningstid på Grautneset, dvs. mellom kl. 8-15, torsdagar mellom kl. 8-18.
8. Containerar vil bli utstyrt for krokkløft.
9. Pris på transportoppdraget skal oppgiast i kr./tonn, og skal omfatte alle utgifter i forbindelse med transportmateriell, personkostnader, fergeutgifter m.v. Containerar blir som nemnt halde av Reinhaldsverket.
10. Det er ein klar føresetnad at når 2 containerar er fulle, skal desse transporterast til Grautneset snarast mogleg.
11. Transportøren vil vere ansvarleg for skade som måtte oppstå på containerar under transporten.
12. Metode for evt. regulering av transportkostnader skal oppgjevast.
13. Avtaleperiode vil bli avtalt i samband med kontraktsdrøftingar.
14. Tilbod skal sendast i lukka konvolutt, merka "Tilbod Volda/Ørsta Reinhaldsverk", til Per Mulvik A/S, 6100 Volda, innan 3.10.88 kl. 12.00.
15. Volda/Ørsta Reinhaldsverk vil behalde seg rett til å velge kva tilbod som helst, eller å forkaste samtlege.

Volda 26.8.88

PER MULVIK A/S
RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF
BYGNINGSTEKNIKK
VOLDA

Sjur Leikum

PER MULVIK A/S

RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF

BYGNINGSTEKNIKK

VOLDA

6101 VOLDA,

BOKS 86

TLF. (070) 76 535

Lars Petter Øye

Helge Remøy

Rasmus R. Aarflot

Knut Bere

Jan Driveklepp

Volda/Ørsta Reinhaldsverk.

Eg viser til styremøte 26.9.88 der Lars Petter Øye, Helge Remøy, Rasmus R. Aarflot og Knut Bere møtte.


Vedtak i sak 16/88 ligg ved.

Volda 27.9.88

PER MULVIK A/S
RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF

BYGNINGSTEKNIKK

VOLDA



Sak 16/88 Valg av leverandør komprimator.

Valg av leverandør var tidlegare handsama i sak 10/88.

Som vedlegg til saka fylgjer tilbodsskjema, og oppsett over korrigert pris med hensyn til ferdigstilling 1.3.88. Manglande kostnader i tilboda er berekna for å gjere tilboda samanliknbare i pris.

P.E. Bjørdal A/S peikar seg ut som den klart gunstigaste tilbydar, både av hensyn til pris og av hensyn til uklare punkt i tilboden.

Tilråding til vedtak:

Det skal innleiast kontraktsdrøftingar med P.E. Bjørdal A/S.

Dersom tilfredsstillande kontrakt blir oppnådd, blir P.E. Bjørdal A/S valgt til leverandør av komprimator og containerar.

Samrøystes vedteke i samsvar med tilrådinga.

Kommentar til driftsplan og budsjett 1989.

I tidlegare utgreiing der stativkostnaden var berekna til kr. 925,- eks. mva, var avfallsmengda sett til 4236 tonn, og det var forutsett same avgift på både levert og henta avfall. Skulle same berekningsmetode leggast til grunn i dag, ville stativkostnaden bli kr. 874,- eks. mva.

Eigenlevert avfall utgjer ein langt større del av den totale avfallsmengde enn det ein tidlegare hadde rekna med, og det kan verke uheldig at denne type avfall skal avgiftsbeleggast likt med henta avfall. For å stimulere til eigenlevering av avfall, bør nok avgifta for denne avfallskategoriene bereknast berre etter behandlingskostnaden. Ettersom eigenlevert avfall utgjer så stor mengde som 817 tonn, vil henta avfall bli redusert tilsvarende, og dermed gi mindre mengde til fordeling av dei totale driftsutgiftene. Dette resulterer i at stativkostnaden aukar i høve til tidlegare berekningar.

Redusert avgift etter tidlegare berekning ville ha si årsak i at garasjer/velferdsbygg er trekt ut av investeringa i påvente av vedtak om privatisering eller ikkje av innsamlinga.

3348 tonn blir innsamla av renovasjonen medan 817 tonn blir levert direkte. Skal prinsippet om betaling etter faktiske kostnader fylgjast, blir innsamla avfall avgiftsbelagt fullt ut, medan levert avfall blir avgiftsbelagt med frådrag for innsamlingskostnader.

Budsjettert innsamlingskostnad utgjer for 1989 kr. 2.975.650,- og behandlingskostnad kr. 3.090.030,-.

Innsamlingskostnad pr. tonn utgjer 2.975.650,-/3348 = kr. 888,80

Behandlingskostnad pr. tonn utgjer 3.090.030,-/4165 = kr. 741,90

Dette gir stativkostnad (888,80 + 741,90) 0,6 = kr. 978,-

For eigenlevert avfall blir avgifta kr. 0,75 pr. kg

For henta forretningsavfall blir avgifta kr. 1,63 pr. kg

Desse kostnadsberekingane ligg til grunn for budsjetterte driftsinntekter for 1989.

Dersom det ikkje blir gjort tiltak for å auke avfallsmengda, vil stativavgifta auke med kr. 203,- frå dagens avgift som er kr. 775,- eks. mva.

For forretningsavfall henta av renovasjonen vil kiloprisen bli kr. 1,63 eks. mva., ein auke med kr. 0,24 pr. kg. ut frå dagens pris.

For forretningsavfall og anna brennbart avfall levert ved omlastingsstasjonen vil kiloprisen bli kr. 0,75 eks. mva., ein auke med kr. 0,12 pr. kg. ut frå dagens pris.

Etter den siste oversikta som er utarbeidd av renovasjonen (15.9.88), går det fram at dei faktiske avfallsmengdene er mindre enn prognosane ein tidlegare arbeidde ut frå. Oppsynsmannen opplyser at det berre er einskilde forretningar og bedrifter som leverer avfall, særleg i Ørsta går mykje av det brennbare avfallet tapt ved at det blir avhenda utanom renovasjonen. I sentrumsområda i både Ørsta og Volda er det generelt forbod mot brenning av avfall. Om dette forbodet blir handheva strengare, vil det betre tilhøva for alle brukarane av Reinhaldsverket.

Renovasjonsavgifta går ned med aukande avfallsmengde. Det må derfor vere eit klart mål at mest mogleg avfall blir omsett gjennom omlastingsstasjonen. Gjennom politiske vedtak bør derfor alt brennbart avfall kanaliserast gjennom Reinhaldsverket.

Dersom avfall henta av renovasjonen auka med 500 tonn, ville stativkostnaden bli kr. 898,- eks.mva., forretningsavfall henta av renovasjonen ville koste kr. 1,50 pr. kg. og eigenlevert avfall ville koste kr. 0,72 pr. kg. Dette syner kor viktig det er å kanalisere mest mogleg avfall gjennom Reinhaldsverket.

Det knyter seg enno nokre usikre moment til kostnadsberekinga. Dette vil bli avklart etter kvart som ein får bindande tilbod på dei ymse arbeid.

Når det gjeld investeringeskostnaden har ein fått opplyst i lokal bank at kapital-kostnader (renter/avdrag/provisjon) kan bereknast til 18 % pr. år.

Oppsynsmannen bemerkar at dersom det skal opprettast full renovasjon i kommunane, betingar dette investering i ny komprimatorbil. Dette er det ikkje teke omsyn til i budsjettet. Styret må avgjere om ei slik investering skal skje, slik at kostnaden kan innarbeidast i budsjettet.

Innbetaling av renovasjonsavgift skjer i to terminar, mars/april og sept./okt. Det er tanken at innkrevjinga framleis skal skje av kommunane. Av omsyn til rentekostnaden er det avgjerande for Reinhaldsverket at renovasjonsavgifta blir overført snarast mogleg. Det bør derfor avtalast med kommunane ein frist for overføring av beløpa, og rentebelastning ved overskridelse av betalingsfrist.


Når det gjeld bemanning av omlastingsstasjonen har ein etter samråd med oppsynsmannen kome til at det skal gjerast forsøk på å drive denne utan å avsetje ei særskilt stilling for det. Åpningstidene for publikum bør då avgrensast til einskilde dagar og deler av dagar. Dette for å halde driftskostnadene nede.

Volda 22.9.88

PER MULVIK A/S
RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF
BYGNINGSTEKNIKK


VOLDA

Grafisk framstilling av utvikling i stativkostnad forutsett innsamlingskostnader som budsjettert, og fordeling av innsamla/levert avfall 80/20 %.



PER MULVIK A/S

RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF

BYGNINGSTEKNIKK

VOLDÅ

6101 VOLDÅ,

BOKS 86

TLF. (070) 76 535

Lars Petter Øye

Helge Remøy

Rasmus R. Aarflot

Knut Bere

Jan Driveklepp

Volda/Ørsta Reinhaldsverk.

Eg viser til styremøte 18.10.88 der fylgjande møtte:

Lars Petter Øye, Anders Strand, Rasmus R. Aarflot, Knut Bere, Jan Driveklepp,
Per Schjelderup.

Vedlagt blir oversendt vedtaka som vart gjort.

Ein minner om styremøte mandag 24.10.88 kl. 18.15 på Volda Rådhus.

Volda 19.10.88

PER MULVIK A/S

RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF

BYGNINGSTEKNIKK

VOLDÅ

Jørn Schjelderup

Sak 17/88 Valg av leverandør teknisk utstyr.

Styret gjorde i sak 16/88 slikt samråystes vedtak:

"Det skal innleiast kontraktsdrøftingar med P.E. Bjørdal A/S. Dersom tilfredsstillande kontrakt blir oppnådd, blir P.E. Bjørdal A/S valgt til leverandør av komprimator og containerar."

Formann og sekretær har vore i drøftingar med P.E. Bjørdal A/S, og forslag til avtale ligg ved. Det er lite detaljerte tekniske opplysningar som ligg føre, men det er sett eit klart funksjonskrav til anlegget, nemleg at komprimator skal fungere frå første dag etter montering og prøvekjøring. Konsekvensen av eventuell driftsstans som skuldast leverandør er fanga opp i at meirkostnaden ved transport av ukomprimert avfall skal dekkast av P.E. Bjørdal A/S. Denne transportgarantien gjeld så lenge anlegget har fungert i 24 mnd. utan feil og manglar som kan tilskrivast P.E. Bjørdal A/S. Det er kravd 24 mnd. garantitid, der P.E. Bjørdal A/S stiller 5 % bankgaranti.

Det er føresett at containerar skal tilpassast mellom transportør og produsent. Containerar er føresett utført i 100 % tett utførelse.

Leveringstid er endra til 10 arbeidsveker frå bestilling.

Prisen er som tidlegare avtalt kr. 620.000,- eks. mva., og er fast fram til 1.2.89.

Fylgjande bør leggast vekt på ved evt. kontrakt med P.E. Bjørdal A/S:

Formell overtaking bør skje først etter at prøveperioden er ferdig. Garantitida på 24 mnd. blir gjeldande frå overtakingstidspunktet.

Det bør vurderast om det skal stillast 100 % bankgaranti som skal gjelde ut prøveperioden eller lenger. Slik garanti må i tilfelle kostast av byggherren.

Det bør takast atterhald om komplett utskifting av utstyr dersom noko ikkje held mål. Dette gjeld både komprimator og containerar.

Styret gjorde slikt samråystes vedtak:

Kontraktsforslaget med P.E. Bjørdal A/S blir godkjent på fylgjande vilkår:

1. Det skal stillast garanti for det til ei kvar tid innbetalte beløp inntil prøveperioden er forbi. Byggherren dekker desse garantikostnadene.
2. Formell overtaking blir først etter at prøveperioden er forbi. Garantitida på 24 mnd. blir gjeldande frå same tidspunkt.

PER MULVIK

Sak 18/88 a). Budsjett/avgifter.

BUDSJETT 1989.

Føresetnader.

Grunnlaget for budsjettet kan på ein skilde punkt vere litt vanskeleg å fastsetje ettersom ein enno forhandlar med leverandørar, transportørar m.m. Grunnarbeidet er pr. d.d. ute på tilbodsrekning, og bygget er enno ikkje prosjektert som fylgje av at avtale med utstyrsprodusent enno ikkje er underteikna. Kostnadsoverslaga er rekna innanfor realistiske rammer.

Dei einskilde budsjettpostar har blitt gjennomgått med fellesrenovasjonen og vurdert så nøye det let seg gjere. Fellesrenovasjonens budsjett for 1988 har vore brukt ved utarbeiding av budsjettforslaget for 1989.

I budsjettframlegget er det føresett utviding til full renovasjon i kommunane, med unntak av Urke/Norangdal, Standal, Trandal, Osdalen, Steinnes.

Det er vidare rekna med at noko meir forretningsavfall blir henta av reinhaldsverket, totalt omlasta mengde 4328 tonn. Bemanningsplanen går ut på 3 sjåførar, 6 innsamlarar og 1 stilling i administrasjon. På utstyrssida er det rekna med at reinhaldsverket får overta materiellet vederlagsfritt frå kommunane, samstundes med at det er oppført 1 ny komprimatorbil med utstyr for containertømming. Denne er forutsett finansiert ved lån. Det er framleis rekna med å bruke papirsekker, men denne utgiftsposten kan reduserast noko ved overgang til plastsekker.

Gassrensinga har tidlegare blitt antyda til kr. 50-100,- pr. tonn og var føresett gjeldande frå 1.1.90. Ein har pr. d.d. ikkje fått klart det eksakte beløp, men Tafjord Kraftselskap antydar at gassrensinga kan bli vesentleg dyrare og kan bli gjort gjeldande frå 1.1.89.

1. DRIFTSUTGIFTER.

1.010. Faste løner innsamling	kr. 1.185.000,-
1.020. Ekstrahjelp og overtid	120.000,-
1.030. Arbeidsgjevaravgift	" 198.000,-
1.040. Pensjon	" 64.000,-
1.050. Husleige Aksel Våge	" 73.000,-
1.060. Grunnleige fyllplass	" 650,-
1.070. Reise-/kostgodtgjerdsle	" 45.000,-
1.080. Avgifter/trygdingar bilar	" 60.000,-
1.090. Drivstoff m.m. bilar	" 85.000,-
1.100. Reparasjon og vedlikehald	" 50.000,-
1.110. Godtgjerdsle klær	" 18.000,-
1.120. Innleige av maskiner/arbeidshjelp	" 110.000,-
1.130. Kjøp av sekkar	<u>" 490.000,-</u>
	kr. 2.498.650,-
1.140. Renter/avdrag faste installasjonar	" 666.000,-
1.150. Transportkostnader	" 343.965,-
1.160. Forbrenningskostnader	" 1.925.960,-
1.170. Kapitalkostnader 1 ny bil	" 160.000,-
1.180. Avgifter/trygdingar bygg	" 40.000,-
1.190. Andre utgifter	" 70.000,-
1.200. Rekneskap/revisjon	" 20.000,-
1.010. Faste løner omlastingsstasjon	" 240.000,-
1.030. Arbeidsgjevaravgift	" 40.000,-
1.040. Pensjon	" 13.000,-
1.210. Renteutgifter kassekreditt	<u>" 100.000,-</u>
Sum driftsutgifter 1989, eks. gassrensing	<u>kr. 6.117.575,-</u>

2. DRIFTSINNTEKTER.

2.010. Stativavgift	kr. 4.685.560,-
2.020. Forretningsavfall henta av reinhaldsv.	" 640.000,-
2.030. Eigenlevert avfall	" 730.015,-
2.040. Salg av sekker	" 50.000,-
2.050. Ref. ekstra ferieveke	" 12.000,-
Sum driftsinntekter 1989	<u>kr. 6.117.575,-</u>

AVGIFTER 1989.

Budsjettet gir følgjande avgiftsberekning:

Innsamlingskostnad	2.498.650,- -	62.000,- = kr. 2.436.650,-
Behandlingskostnad	6.117.575,- -	2.498.650,- = kr. 3.618.925,-

Innsamlingskostnad pr. tonn	2.436.650,-/3500 = kr. 696,-
Behandlingskostnad pr. tonn	6.117.575,-/4328 = kr. 836,-

Stativkostnad (696,- + 836,-)0,6 = kr. 920,- eks. mva.

Eigenlevert avfall - avgift kr. 0,84 pr. kg. eks. mva.

Henta avfall - avgift kr. 1,53 pr. kg. eks. mva.

Samanfatta gir budsjettet slike einskildkostnader:

Stativavgift	kr. 920,- eks. mva.
Kolli henta av reinhaldsverket	" 16,- eks. mva.
Levert avfall pr. m^3	" 92,- eks. mva.
Levert kolli (inntil 60 kg)	" 25,- eks. mva.
Levert avfall pr. tonn	" 836,- eks. mva.

Grovavfall blir i dag plassert i fyllplass i Alida. Denne fyllplassen har begrensa kapasitet, og det må snarast etablerast ny grovavfallsfyllplass. Der er tidlegare føresett at ein slik fyllplass skal vere sjølvfinansierande.

Ålesund kommune har fyllplass i Bingsa og tar slik avgift:

Inntil $3 m^3$, pr. m^3 kr. 55,- eks. mva.

Over $3 m^3$ etter vekt, pr. t " 400,- pr. tonn eks.mva.

For å ha grunnlag for å etablere ein forsvarleg fyllplass bør det vere naturleg å nytte eit tilsvarande avgiftsnivå som Bingsa.

Når det gjeld problemavfall, blir dette i dag innsamla av private foretak.

Reinhaldsverket bør kunne tilby ei formidlingsteneste for slikt avfall, gjerne ved mellomlagring på omlastingsstasjonen. Nermare organisering av slik teneste kan gjerast etter at omlastingsstasjonen er komen i drift.

Styret gjorde slikt samråystes vedtak:

Styret rår representantskapet til å gjere slikt vedtak:

1.Budsjettforslaget for 1989 blir vedteke.

2.Avgiftssatsar for 1989 blir fylgjande:

	kr.	920,- eks.mva.	Evt. tillegg for gassrensing, førebels overslag.	117,- eks.mva.
Stativavgift				
Kolli tilsv. stativ, henta av VØR	"	16,- " "	3,- " "	
Levert avfall pr. m ³	"	92,- " "	22,- " "	
Levert kolli (inntil 60 kg)	"	25,- " "	6,- " "	
Levert avfall pr. tonn	"	836,- " "	195,- " "	

PER MULVIK

Sak 18/88 b). Garanti for låneopptak.

GARANTI FOR LÅNEOPPTAK.

Det er innhenta tilbod på banksamband med følgjande rammer:

- | | |
|------------------------|---------------|
| 1. Byggelån | kr. 5,1 mill. |
| 2. Fastlån | kr. 1,4 mill. |
| 3. Kassekreditt, limit | kr. 3,1 mill. |

Bankane som har gjeve tilbod har sett som føresetnad at kommunane garanterer for låneopptaka.

PER MULVIK A/S

RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF

BYGNINGSTEKNIKK

VOLDA

3.

6101 VOLDA,
BOKS 86
TLF. (070) 76 535

VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK.

Kostnadsoverslag komprimatorstasjon.

Komprimator, teknisk utstyr	kr. 600.000,-
Containere 5 stk	" 283.000,-
Bygningstekniske anlegg, komprimatordel	" 800.000,-
Grunnverv inkl. refusjon	" 390.000,-
Graving, sprenging, kult, grus	" 650.000,-
Asfaltering	" 150.000,-
Prosjektering/prosjektledelse	" 200.000,-
Administrasjonskostnader, byggeledelse	" 100.000,-
Diverse kostnader	" <u>200.000,-</u>
Byggekostnader pr. 1.2.87	kr. 3.373.000,-
Prisstigning 1.2.87-1.5.89	" <u>650.000,-</u>
10 % investeringsavgift	kr. 4.023.000,-
Byggelånsrenter	" 402.000,-
Anleggskostnader	" <u>200.000,-</u>
	kr. <u>4.625.000,-</u>

Volda 22.6.88

J. Saligedam

Volda/Ørsta Reinhaldsverk - finansieringsplan faste installasjonar.

Miljøverndepartementet - tilskot	kr. 925.000,-
Miljøverndepartementet - lån	" 2.312.500,-
Lokal bank	" 1.387.500,-
Sum	<u>kr. 4.625.000,-</u>

Styret gjorde slikt samrøystes vedtak:

Styret rår representantskapet til å gjere slikt vedtak:

Representantskapet vedtek å låne inntil slike beløp:

Byggelån	kr. 5,1 mill.
Fastlån	kr. 1,4 mill.
Kassekreditt	kr. 3,1 mill.

Representantskapet bed kvar av kommunane garantere for 50 % av dei same beløpa.

Sak 19/88 Banksamband.

Det er innhenta tilbod på banktenester i lokale bankar. Tilboda er blitt vurdert av fagfolk på området.

Det vart bedt om tilbod på følgjande:

Byggelån kr. 5,1 mill.

Fastlån kr. 1,4 mill.

Kassekreditt kr. 3,1 mill.

Tilboda har vore vanskeleg å vurdere opp mot kvarandre, men uttale etter vurdering går på følgjande:

For kassekreditt og byggelån er Sunnmørsbanken A/S mest gunstig.

For langsiktig lån ser Volda og Ørsta Sparebank ut til å ha det beste tilboden. Det er vurdert alternativ med 20 års løpetid med 3 års avdragsfri periode, effektiv rente 15,71 %. Det er rekna 1 års bindingstid på renta.

Sunnmørsbanken A/S har gjennom Den Norske Hypotekforening tilbode lån på 20 års løpetid med 5 års avdragsfri periode, effektiv rente 15,2 %, 5 års bindingstid på renta. Renta her verkar lav, men det har samband med lang bindingstid og 5 års avdragsfri periode. Frå eksperthalde har ein blitt tilrådd å velge alternativ med 1 års bindingstid på renta.

Sunnmørsbanken A/S sitt alternativ A kan samanliknast direkte med Sparebankens alternativ. Sunnmørsbankens alternativ A har 3 års avdragsfri periode og 1 års bindingstid på renta. Effektiv rente er 15,8 % mot Sparebankens 15,71 %.

For bruk av kassekreditt er reinhaldsverket avhengig av straumen av inn- og utbetalingar. Når det gjeld utbetalingar reknar ein med at desse blir nokolunde jamnstore kvar månad, ca. kr. 510.000,-. I sak 22/88 blir kommunane bedt om å overføre månadlege beløp til reinhaldsverket. Behovet for kassekreditt vil vere avhengig av takten i overføring frå kommunane.

Når det gjeld offentleg tilskot og lån, har ein fått opplyst i Miljøverndepartementet at tilskotet blir utbetalt med 50 % ved oppstart og 50 % ved revisorgodkjent rekneskap. Lånet vil bli utbetalt etter vanlege reglar i kommunalbanken, og vil truleg kunne fungere som byggelån.

Saka blir lagt fram til avgjerd utan tilråding til vedtak.

Styret gjorde slikt samrøystes vedtak:

Saka vart utsett i påvente av lånevilkår frå KLP.

Sak 19/88 Banksamband.

Det er innhenta tilbod på banktenester i lokale bankar. Tilboda er blitt vurdert av fagfolk på området.

Det vart bedt om tilbod på følgjande:

Byggelån kr. 5,1 mill.

Fastlån kr. 1,4 mill.

Kassekreditt kr. 3,1 mill.

Tilboda har vore vanskeleg å vurdere opp mot kvarandre, men uttale etter vurdering går på følgjande:

For kassekreditt og byggelån er Sunnmørsbanken A/S mest gunstig.

For langsiktig lån ser Volda og Ørsta Sparebank ut til å ha det beste tilbodet.

Det er vurdert alternativ med 20 års løpetid med 3 års avdragsfri periode, effektiv rente 15,71 %. Det er rekna 1 års bindingstid på renta.

Sunnmørsbanken A/S har gjennom Den Norske Hypotekforening tilbode lån på 20 års løpetid med 5 års avdragsfri periode, effektiv rente 15,2 %, 5 års bindingstid på renta. Renta her verkar lav, men det har samband med lang bindingstid og 5 års avdragsfri periode. Frå eksperthalde har ein blitt tilrådd å velge alternativ med 1 års bindingstid på renta.

Sunnmørsbanken A/S sitt alternativ A kan samanliknast direkte med Sparebankens alternativ. Sunnmørsbankens alternativ A har 3 års avdragsfri periode og 1 års bindingstid på renta. Effektiv rente er 15,8 % mot Sparebankens 15,71 %.

For bruk av kassekreditt er reinhaldsverket avhengig av straumen av inn- og utbetalingar. Når det gjeld utbetalingar reknar ein med at desse blir nokolunde jammestore kvar månad, ca. kr. 510.000,-. I sak 22/88 blir kommunane bedt om å overføre månadlege beløp til reinhaldsverket. Behovet for kassekreditt vil vere avhengig av takten i overføring frå kommunane.

Når det gjeld offentleg tilskot og lån, har ein fått opplyst i Miljøverndepartementet at tilskotet blir utbetalt med 50 % ved oppstart og 50 % ved revisorgodkjent rekneskap. Lånet vil bli utbetalt etter vanlege reglar i kommunalbanken, og vil truleg kunne fungere som byggelån.

Saka blir lagt fram til avgjerd utan tilråding til vedtak.

Styret gjorde slikt samrøystes vedtak:

Saka vart utsett i påvente av lånevilkår frå KLP.

Tilleggsutgreiing til sak 19/88.

Eg viser til vedtak i styremøte 18.10.88, der saka vart utsett i påvente av lånevilkår frå KLP.

Spørsmålet gjeld langsiktig lån på 1,4 mill., og førespurnad er retta både til KLP og Realkreditt. Reinhaldsverket har fått positivt signal i begge institusjonane.

Opplysninga vi har motteke tyder på at KLP har litt gunstigare rente enn Realkreditt, men KLP gir ikkje så lang løpetid som 20 år. Dessutan vil det gå forholdsvis lang tid før lånet blir utbetalt. Av dette fylgjer at det må oppretta byggelån.

I Realkreditt har reinhaldsverket fått tilbod på lån til eff. rente 15,35 %, og lånet vil bli utbetalt straks nødvendige kommunale vedtak ligg føre. Dermed unngår ein byggelån for dette beløpet.

Saka om banksamband kan samanfattast slik:

Frå fagleg hald har Sunnmørsbanken A/S sitt tilbod på kassekreditt og byggelån blitt vurdert til å vere mest gunstig.

For langsiktig lån er tilboden frå Realkreditt klart betre enn lokale bankar.

Styret gjorde slikt samrøystes vedtak:

Styret rår representantskapet til å gjere slikt vedtak:

Tilboden frå Realkreditt av 21.10.88 når det gjeld fastlån blir godteke. Sunnmørsbanken A/S blir valgt til banksamband for kassekreditt og byggelån i samsvar med tilbod av 23.9.88.

Sak 20/88 Tomteopparbeiding.

Det er innhenta tilbod på opparbeiding av tomta. 7 tilbod vart innlevert, kfr. kopi av protokoll frå tilbodsåpninga og korrigerte tilbodssummar etter kontrollrekning. Tilboda ligg under tidlegare kalkyler.

I tilbodssummen ligg også opparbeiding av veg, vatn og kloakk til tomta. Dette skal betalast av Ørsta kommune.

Kontrollrekna tilbodssummar for dei 2 lavaste tilboda er slik:

Arvid Berknes	kr. 686.860,75 eks. mva.
Veg og Anlegg A/S	kr. 692.962,50 eks. mva.

I tilboden er det ikkje føresett bruk av fiberduk ved evt. därlege grunnforhold. Heller ikkje fjellsprenging er inntekte.

Ein har motteke slike tilleggsopplysningar:

Fjellsprenging: Arvid Berknes	kr. 45,- pr. m^3
Veg og Anlegg A/S	kr. 35,- pr. m^3
Fiberduk: Arvid Berknes	kr. 8,00 pr. m^2
Veg og Anlegg A/S	kr. 5,63 pr. m^2

Dersom ein føreset 1000 m^3 fjell og 3000 m^2 fiberduk, vil tilbodssummane bli:

Arvid Berknes	kr. 755.860,75
Veg og Anlegg A/S	kr. 744.852,50

Det er grunn til å rekne med at det blir aktuelt både med fjellsprenging og bruk av fiberduk under bærelag.

Tilråding til vedtak:

Under føresetnad av at tilfredsstillande kontrakt blir oppnådd, blir Veg og Anlegg A/S valgt til entreprenør for grunnarbeida.

Samrøystes vedteke i samsvar med tilrådinga.

Sak 21/88 Tildeling av transportoppdrag.

Transportoppdraget har vore ute på tilbod, kfr. tilbodsdocument av 26.8.88. 9 tilbod kom inn innan fristen. Søre Sunnmøre Transportsentral A/S hadde det klart rimelegaste tilbodet, kr. 76,- pr. tonn eks. mva. Det er opplyst at transporten vil bli utført av Trond Ryslett, Volda. Søre Sunnmøre Transportsentral er blitt bedt om å kome med kontraktsforslag. Dette ligg ved.

Kontraktsforslaget er utarbeidd i samsvar med tilbodsførespurnaden og tilbod av 30.9.88. I kontrakta bør det presiserast at avtalen gjeld frå den dag omlastingsstasjonen er driftsklar. Avtaletida er sett til 1.1.94 med 6 mnd. gjensidig oppseiingstid etter 4 år. Transportprisen er foreslått justert 2 gonger pr. år etter TØI sin prisindeks.

Søre Sunnmøre Transportsentral A/S opplyser at kontraktsforslaget er å betrakte som eit utkast, og den endelige utforming er noko avhengig av samkjøring med utstyrspodusent. I tilbodsdocumenta er det føreset eigenvekt på komprimert avfall til 450 - 550 kg/m³. Eigenvekta vil vere avhengig av fuktinnhaldet i avfallet. Det må tingast med transportør kva utslag lavare eigenvekt vil få for tonnprisen.

Tilråding til vedtak:

Styret i Volda/Ørsta Reinhaldsverk aksepterer hovedinnhaldet i kontraktsutkastet med Søre Sunnmøre Transportsentral A/S. Styret føreset at Søre Sunnmøre Transportsentral A/S som avtalepart garanterer for avtalen.

Styret vil avvente drøftingar mellom transportør og utstyrspodusent før avtalen blir godkjent.

Dersom den endelige avtalen blir tilfredsstillande, vil Volda/Ørsta Reinhaldsverk velge Søre Sunnmøre Transportsentral A/S som transportør.

Samrøystes vedteke i samsvar med tilrådinga.

Sak 22/88 Overtaking av renovasjonen.

Spørsmålet om overtaking av fellesrenovasjonen for Volda/Ørsta sine oppgåver har vore drøfta ved fleire høve tidlegare, og årsskiftet 88/89 har blitt sett på som eit gunstig tidspunkt. Tidlegare hadde reinhaldsverket ein romslegare tidsplan, slik at omlegging av dei ymse rutinene kunne skje gradvis. Sakshandsaminga i dei ulike organ har teke lenger tid enn rekna med, slik at tidsplanen etter kvart har blitt svært komprimert, og både overtaking av innsamlinga og oppstart av komprimatorstasjonen vil skje på same tidspunkt.

Representantskapet i reinhaldsverket har vedteke at det innan 1. kvartal 1989 skal vurderast om innsamlinga skal lysast ut på entreprise. Dersom entreprise blir valgt, vil dette medføre ei ny omlegging av organisasjonen, slik at apparatet som no blir oppbygt kan bli av mellombels karakter. Budsjettet for 1989 er basert på bemanningsplan på 10 tilsette.

Det er i dag 13 tilsette i fellesrenovasjonen, av desse 3 på kortvarige avtaler. Som nemnt er budsjettet basert på 10 tilsette, av desse må 4 sjåførar ha førarkort i klasse C. Slik situasjonen er i dag, har 2 av dei fast tilsette og 2 av dei mellombels tilsette førarkort i klasse C. Dette inneber at berre 8 av dei fast tilsette kan disponerast av reinhaldsverket. Dei 2 resterande stillingane må såleis fyllast med enten 2 av dei mellombels tilsette, eller 2 andre med førarkort i klasse C.

Eit uunngåeleg spørsmål er såleis kva som skal skje med dei 3 tilsette (2 i faste stillingar) det ikkje er budsjettdekning for. Skal dei seiast opp, eller skal dei overførast i andre stillingar? Reduksjon i bemanning kjem som følgje av at forbrenningsomnen i Alida blir lagt ned, samstundes med at det blir lagt opp til ei meir rasjonell drift

Når det gjeld arbeidsgjavarforholda har ein frå juridisk hald fått opplyst at desse er dei same som tidlegare. Det er kommunane og ikkje reinhaldsverket som selskap som har det overordna arbeidsgjavaransvaret. Ved overgang til reinhaldsverket vil det vere rett tidspunkt å justere stillingsinstruksane. Ved eventuelle problem med å disponere personell er det kommunane sitt ansvar å ta vare på desse ved overføring til andre områder. Ørsta formannskap har i sak 335/87 vedteke at dei tilsette i noverande renovasjon skal sikrast vidare arbeid ved eventuell privatisering av innsamling og transport. Kommunane må såleis ta stilling til kva som skal skje med dei overflødige stillingane.

I budsjettsamanheng har ein gått ut frå at reinhaldsverket overtek alt innsamlingsmateriell vederlagsfritt. I § 12 i vedtekten går det fram at utstyret Ørsta og Volda i fellesskap har kjøpt inn skal overtakast av selskapet.

I vedtekten § 11 går det fram at kommunane syter for innkrevjing av avgift overfor dei einskilde abonnentar. Kommunane skal betale det utlikna beløpet til reinhaldsverket i forskotsterminar. For å få minimalt bruk for kassekreditt bør dette skje til dømes i månadlege forskotsterminar.

I vedtekten § 3 går det fram at ein driftsleiar skal ha ansvaret for den daglege drift av reinhaldsverket. Det er naturleg at oppsynsmannen i fellesrenovasjonen blir tillagt driftsleiarfunksjonen.

I vedtekten § 3 går det vidare fram at Volda kommune skal føre nødvendig rekneskap, og revisjonen skal utførast av distriktsrevisor. Godtgjerdslene for dette må klarleggast.

Representantskapet gjorde i sak 2/88 vedtak om å gi sekretariatet i oppdrag innan 1. kvartal 1989 å legge fram vurdering om innsamling skal skje i eigen regi eller etter entreprise. For å kunne vurdere dette må det innhentast tilbod på innsamlinga. VIAK A/S har tidlegare gitt tilbod på utarbeiding av tilbodsdocument og innhenting av tilbod. Kostnaden med dette er kr. 25.000,- eks. mva. med tillegg av prisstigning frå 1.5.88. Dette er ei naturleg vidareføring av arbeidet VIAK A/S gjorde i samband med vurdering av transporten.

PER MULVIK

Styret gjorde slikt samråystes vedtak:

Styret rår representantskapet til å gjere slikt vedtak:

1. Av dei tilsette i noverande fellesrenovasjon blir 10 overteke av reinhaldsverket.
4 tilsette må ha førarkort i klasse C.
Kommunane blir bedt om å forhandle med arbeidstakarorganisasjonane om kven som skal overførast til reinhaldsverket.
2. Oppsynsmannen i noverande fellesrenovasjon blir tillagt driftsleiarfunksjonen i Volda/Ørsta Reinhaldsverk. Det skal utarbeidast instruks for driftsleiarstillinga.
3. Volda/Ørsta Reinhaldsverk overtek utstyret i fellesrenovasjonen vederlagsfritt.
4. Kommunane betalar utlikna renovasjonsavgift til reinhaldsverket i forskots-terminar, ein gong pr. månad.
5. VIAK A/S får i oppdrag å innhente tilbod på innsamling.

Sak 23/88 Godtgjerdslsle til styre og representantskap.

Representantskapet vedtok i sak 4/85 at godtgjerdsla skal vere fylgjande:

Representantskapet:

Medlemer og leiarar	kr. 150,- pr. møte
Godtgjerdslsle til leiarar	kr. 1.000,-

Styret:

Medlemer og leiarar	kr. 100,- pr. møte
Godtgjerdslsle til leiarar	kr. 3.000,-

Legitimerte reiseutgifter med kollektiv transport.

Køyring med eigen bil etter gjeldande satsar i kommunane sitt reiseregulativ.

Det har ikkje kome krav frå nokon av medlemene på dekning av møtegodtgjerdslsle.

Framlegg til vedtak:

Medlemene og leiarane blir bedt om å fakturere møtegodtgjerdslsle i samsvar med vedtak i representantskapet i sak 4/85.

Samrøystes vedteke i samsvar med tilrådinga.

PER MULVIK A/S

RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF
BYGNINGSTEKNIKK
VOLDA

6101 VOLDA,
BOKS 86
TLF. (070) 76 535

Lars Petter Øye
Helge Remøy
Rasmus R. Aarflot
Knut Bere
Jan Driveklepp
Knut Brune

Volda/Ørsta Reinhaldsverk.

Eg viser til styremøte 1.12.88 der alle bortsett frå Jan Driveklepp møtte.

Vedlagt blir oversendt vedtak i sak 24/88, 25/88 og 26/88.

I tillegg vart følgjande referert/drøfta:

1. Brev til SFT og Arbeidstilsynet av 25.11.88 vart referert.
2. Brev til Miljøverndepartementet av 25.11.88 vart referert.
3. Uttale frå vegkontoret vedk. grovavfallsfyllplass i Alida er å forstå som positiv. Saka om slambehandling skal etterlysast.
4. Tilbod frå Sunnmørsbanken A/S på innskotsvilkår vart referert. Tilbodets pkt. 2 er det mest aktuelle.
5. Samtale med Realkreditt vedkomande renteforhold og uttak av lån vart referert.
6. Det vart orientert om at Volda kommune forhandlar med arbeidstakarorg. om førtidspensjonering av 3 tilsette.
7. Areal for mottak og sortering av tilfeldig avfall skal opparbeidast.
8. Transport av grovavfall skal inntil vidare skje i små containerar.
9. Velferdsrom og garasjeplass skal planleggast og kostnadsrekna. Når dette er gjort, skal styret ta stilling til om avtalen med Aksel Våge skal seiast opp.
10. Opparbeiding av tilkomstveg er med i avtalen med Veg og Anlegg A/S, men skal betalast av Ørsta kommune.


11. Opparbeiding av areal for mottak og sortering av tilfeldig avfall vil koste ca. kr. 120.000,-. Dette vil samtidig føre til at matjorda må ut av området. Det skal drøftast med Ørsta kommune om matjorda kan lagrast mellombels på nedsida av tilkomstvegen for seinare å bli fjerna.

12. Spesialavfall kan lagrast i låsbar container etter retningslinjer fra SFT.

13. Ny innsamlingsbil kan tingast med etterhald om at finansieringa blir ordna. Det skal innhentast tilbod på finansiering.

Volda 2.12.88

PER MULVIK A/S
RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF
BYGNINGSTEKNIKK

 VOLDA
Per Mulvik

Sak 24/88 Kjøp av innsamlingsbil.

I budsjettet for 1989 er det rekna med kapitalkostnader for ny innsamlingsbil. Noverande materiell tek til å bli gammalt, og det er nødvendig at fornying skjer med visse mellomrom.

Oppsynsmannen har innhenta alternative tilbod fra Volvo, Mercedes Benz og Scania. Tilboda er innhenta ved direkte henvendelse til desse tre leverandørane, dette er gjort i forvissing om at samtlege har kvalitetmessig og driftsmessig godt utstyr. Renovasjonen har i dag innsamlingsbilar av typen Volvo og Mercedes.

Det finns andre typer bilar på marknaden, og truleg til lavare pris, men det er her lagt avgjerande vekt på å skaffe materiell som er tilstrekkeleg utprøvd og dermed gir det beste resultatet driftsmessig sett.

Tilboda er gitt i to alternativ, 10 og 13,5 m³ komprimator.

Tilbod Volvo:

Volvo FL 614, akselavstand 3,40 m, motor 207 HK	kr. 371.000,-
Tillegg for automatgearnkasse	" 44.400,-
7 % rabatt ved rein handel	" 29.078,-
10 m ³ Norba komprimator, eks. kamera	kr. 386.322,-
Warta vinsj for containertømming	" 287.100,-
Sum eks. mva.	" 30.200,-
	kr. 703.622,-
Volvo FL 616, akselavstand 4,0 m, motor 207 HK	kr. 392.400,-
Tillegg for automatgearnkasse	" 47.800,-
7 % rabatt ved rein handel	" 30.814,-
13,5 m ³ Norba komprimator, eks. kamera	kr. 409.386,-
Warta vinsj for containertømming	" 319.100,-
Sum eks. mva.	" 30.200,-
	kr. 758.686,-

Leveringstid 16 veker

Tilbod Mercedes Benz:

Mercedes Benz 1320, akselavstand 3,64 m, motor 211 HK	kr. 457.800,-
Automatgearkasse inkludert	" 29.800,-
Rabatt ved rein handel	" 29.800,-
Tillegg for sitteplass for 3	kr. 428.000,-
	" 3.200,-
10 m ³ Norba komprimator, eks. kamera	kr. 431.200,-
Warta vinsj for containertømming	" 256.205,-
Lakkering aggregat	" 30.200,-
	" 24.000,-
3 % rabatt på aggregat	kr. 741.605,-
Sum eks. mva.	" 8.592,-
	kr. 733.013,-
Mercedes Benz 1620, akselavstand 3,90 m, motor 211 HK	kr. 428.500,-
Tillegg for automatgearkasse	" 62.350,-
Rabatt ved rein handel	kr. 490.850,-
	" 28.500,-
Tillegg for sitteplass for 3	kr. 462.350,-
	" 3.200,-
13,5 m ³ Norba komprimator, eks. kamera	kr. 465.550,-
Warta vinsj for containertømming	" 288.155,-
Lakkering aggregat	" 30.200,-
	" 24.000,-
3 % rabatt på aggregat	kr. 807.905,-
Sum eks. mva.	" 9.550,-
	kr. 798.355,-
Leveringstid 22 veker	

Tilbod Scania:

Scania P 93, akselavstand 3,8 m, motor 227 HK	kr. 409.000,-
Tillegg for automatgearkasse	" 50.140,-
Tillegg for ekstra sete	<u>" 7.000,-</u>
10 m ³ Norba komprimator, eks. kamera	kr. 466.140,-
Warta vinsj for containertømming	" 256.205,-
Lakkering	<u>" 30.200,-</u>
Sum eks. mva.	<u>kr. 780.895,-</u>

Scania P 93, akselavstand 3,8 m, motor 227 HK	kr. 409.000,-
Tillegg for automatgearkasse	" 50.140,-
Tillegg for ekstra sete	<u>" 7.000,-</u>
13,5 m ³ Norba komprimator, eks. kamera	kr. 466.140,-
Warta vinsj for containertømming	" 288.155,-
Lakkering	<u>" 30.200,-</u>
Sum eks. mva.	<u>kr. 812.845,-</u>

Leveringstid etter nærmere avtale.

Av samanstillinga framfor går det fram at Volvo har det rimelegaste tilbodet for begge alternativ. Spørsmålet blir om komprimatorstørrelsen skal vere 10 eller $13,5 \text{ m}^3$, og om bilen skal utstyrt med vinsj for containertømming. Ryggekamera kan leverast lokalt, og er ikkje teke med i samandraget.

Innbytte av containerbil er ikkje forutsett, og oppsynsmannen reknar med at denne kan nyttast vidare til containertømming. Utstyr for tømming av container i komprimatorbil bør vurderast neste gong det skal investerast i komprimatorbil. Kjøpesummen kan derfor reduserast med kr. 30.200,- eks. mva. Oppsynsmannen meiner at utan utstyr for containertømming vil komprimatorstørrelse på 10 m^3 vere høveleg.

Kostnaden for komprimatorbil type Volvo FL 614 blir såleis kr. 673.422,- eks. mva.

Tilråding til vedtak:

Volda/Ørsta Reinhaldsverk aksepterer tilbodet frå Vinco avd. Ålesund, og går til innkjøp av 1 stk Volvo FL 614 med 10 m^3 Norba komprimator under føresetnad av at tilfredsstillande kontrakt blir oppnådd.

Leveransen skal ikkje omfatte kamera og vinsj for containertømming.
Kostnaden skal finansierast ved særskilt låneopptak.

Lars Petter Øye foreslo slikt tillegg til vedtak:

Representantskapet blir bedt om å gjere vedtak om nødvendig låneopptak.

Tilråding til vedtak med tillegg vart samrøystes vedteke.

Sak 25/88 Kontrakt med P.E. Bjørdal A/S.

Avtaleforholdet til P.E. Bjørdal A/S har tidlegare vore handsama i sak 16/88 og 17/88. Tilbod av 17.10.88 og tillegg av 22.11.88 ligg ved. I tillegget er fletta inn vedtaket i sak 17/88.

Leveranse og ansvars/garantiforhold vedkomande komprimator har vore gjennom-drøfta tidlegare, og ser ut til å vere teke godt vare på. Containerutforminga har vore gjenstand for drøfting mellom representantar for reinhaldsverket, transportør og produsent. Vanskår i samband med tømming av containerane har utan særskilte tiltak blitt vurdert som eit problem. Særleg gjeld dette ved frysing og spesielle typer avfall. I dei fleste tilfeller vil truleg tømming av containerar kunne skje problemfritt utan hydraulisk utmating, men kjem ein i den situasjon at avfallet må tömmast manuelt, er det grunn til å tru at transportøren vil krevje ekstra godtgjerdslsle for dette. Det er heller ikkje holdbart at slike situasjonar skal oppstå. P.E. Bjørdal A/S opplyser at andre selskap har problem med tømming av containerar der utmating ikkje er montert. Eg har difor vanskar med å sjå at ein unngår å montere utmatingsutstyr sjølv om det er kostbart. Hydraulisk utmating vil koste kr. 24.376,- pr. container.

Når det gjeld utforming av containerane er det semje mellom transportør og produsent om dette.

P.E. Bjørdal A/S har kravd tillegg for 2 stk. containerar med kr. 10.000,- pr. stk. Det vart i utgangspunktet bedt om pris på 4 stk. 26 m³ containerar. I tilboden er det oppgitt 4 stk containerar 20-30 m³. Vekta på containerane har auka i høve til det som først var oppgitt, slik at reinhaldsverket har fått auka transportkostnad på grunn av dette, utan at produsent har blitt belasta. Eg meiner derfor at kravet bør avisast.

P.E. Bjørdal A/S har vidare levert pris på 40 m³ åpen container for grovavfall til kr. 53.400,- eks. mva.

Dersom noverande containerbil ikkje blir avhenda, vil denne kunne nyttast til transport av mindre containerar. I alle høve bør dette prøvast først, sjølv om det blir hyppigare transport av grovavfall. Økonomisk vil dette truleg vere den gunstigaste løysinga ved at reinhaldsverkets eige utstyr blir nytta maksimalt.

Tilråding til vedtak:

1. Kontrakta med P.E. Bjørdal A/S blir godkjend.
2. Krav om tillegg for endra containerstørrelse blir avvist.
3. Containerar skal utstyrast med hydraulisk utmating for tilleggskostnad kr. 24.376,- eks. mva. pr. stk.
4. Transport av grovavfall skal inntil vidare skje med mindre containerar og reinholdsverkets eige materiell.

Pkt. 1,2 og 3 i tilrådinga vart samrøystes vedteke.

Pkt. 4 går ut.

Sak 26/88 Kontrakt med Søre Sunnmøre Transportsentral A/S.

Avtaleforholdet til Søre Sunnmøre Transportsentral A/S har tidlegare vore handsama i sak 21/88. Styret gjorde då slikt vedtak:

"Styret i Volda/Ørsta Reinhaldsverk aksepterer hovedinnhaldet i kontraktsutkastet med Søre Sunnmøre Transportsentral A/S. Styret føreset at Søre Sunnmøre Transportsentral A/S som avtalepart garanterer for avtalen. Styret vil avvente drøftingar mellom transportør og utstyrspodusent før avtalen blir godkjent.

Dersom den endelige avtalen blir tilfredsstillande, vil Volda/Ørsta Reinhaldsverk velge Søre Sunnmøre Transportsentral A/S som transportør".

I kontraktsforslaget som fylgjer vedlagt garanterer SST for avtalen. Det har vore drøftingar mellom transportør og produsent, og det er semje om containerutforminga.

SST har vidare gjeve opp pris for transport av berre ein container dersom det skulle bli nødvendig.

Som fylgje av auka vekt av containerane, vil dette måtte kompenserast med kr.9,50 pr. transportert nettotonn.

SST påberopar seg 24 tonn nettovekt som minstevekt for oppgjer sjølv om nettolasta skulle bli mindre.

SST vil ha minst 3 mnd varsel på oppstartdato. Dersom oppstart blir utsett meir enn 14 dagar, krev SST dagsrate på kr. 1.350,- rekna frå første dag, sameleis dersom det blir driftsstans med over 1 veke. Kravet er gjort gjensidig, slik at reinhaldsverket kan bruke same vilkår overfor SST dersom deira del av avtalen ikkje blir halden.

Ved evt. driftsstans innanfor garantiperioden er det vel naturleg at krav frå SST blir belasta utstyrspodusent, kfr. avtale med P.E. Bjørdal A/S.

I tilfelle reinhaldsverket må leige transportutstyr i mangel av slikt frå SST, skal kostnaden dekkast av SST, kfr. pkt. 18.

Tilråding til vedtak:

Avtaleforslaget med Søre Sunnmøre Transportsentral A/S blir godkjent.

Sak 26/88 forts.

Det vart gjort slikt samråystes vedtak:

Avtaleforslaget med Søre Sunnmøre Transportsentral A/S blir godkjent under føresetnad av at avtalen blir smidig i samband med innkøyringsperioden, som blir sett til 3 veker.

Prisen på transport skal justerast kvart år pr. 1. juni etter TØI sin prisindeks, første gong 1.6.89.

PER MULVIK A/S

RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF

BYGNINGSTEKNIKK

VOLDA

6101 VOLDA,

BOKS 86

TLF. (070) 76 535

Lars Petter Øye

Helge Remøy

Rasmus R. Aarflot

Knut Bere

Jan Driveklepp

Knut Brune

Volda/Ørsta Reinhaldsverk.

Vedlagt blir oversendt saker fra styremøte 19.12.88.

Knut Bere og Knut Brune hadde meldt forfall.


Volda 20.12.88

PER MULVIK A/S

RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF

BYGNINGSTEKNIKK

VOLDA



Sak 27/88 Kostnadsoverslag bygg.

Basert på forslag til planar og erfarringsprisar har ein kostnadsrekna bygget og kome til følgjande resultat:

Utvendig overbygg (grovavfallscont., garasje)	kr. 160.000,-
Overbygg for containerar	" 396.000,-
Bygg for komprimator/tømming	" 243.000,-
Velferdsbygg/sekkelager	<u>500.000,-</u>
Sum eks. avg.	<u>kr. 1.299.000,-</u>

I kostnadsoverslaget av 22.6.88 som låg til grunn for finansieringa, er bygningstekniske anlegg kostnadsrekna til kr. 800.000,-. Det var då ikkje rekna med overbygg for grovavfallscontainerar/garasje og velferdsbygg/sekkelager. I velferdsbygg/sekkelager inngår kontor og toalett, noko som uansett måtte etablerast. Denne kostnaden kan settast til kr. 100.000,-. Meirkostnaden ved bygging av velferdsrom for alle tilsette og sekkelager blir såleis kr. 400.000,-. Saman med utvendig overbygg/garasje utgjer meirkostnaden i høve til tidlegare kostnadsoverslag kr. 560.000,-.

Justert kostnadsoverslag for heile anlegget utgjer etter dette kr. 3.601.000,- eks. avgift og byggelånsrenter, mot kr. 4.023.000,- som medrekna i finansieringsplanen.

Den framlagde løysinga gir eit praktisk gunstig resultat ved at både personalrom og garasjer blir samla ved omlastingsstasjonen. Sjølv om garasjeplassane ikkje blir oppvarma, vil bilane i alle høve stå under tak.

Tilråding til vedtak:

Planane datert nov/des 88 og tilhøyrande kostnadsoverslag blir godkjent.

Samrøystes vedteke i samsvar med tilrådinga.

Sak 28/88 Leigeavtale med Aksel Våge.

I budsjettet for 1989 er det medrekna husleige til Aksel Våge med kr. 73.000,-. Husleiga dekkjer velferdsrom og garasjer. Føreliggande planar går ut på å samle desse funksjonane ved omlastingsstasjonen, noko som ut frå praktiske omsyn er ei langt betre løysing.

Meirkostnaden med velferdsrom og overbygg for grovavfallscontainerar/garasje er tidlegare rekna til kr. 560.000,-. Overbygg for grovavfallscontainerar er vurdert som naudsynt sjølv utan kombinasjon med garasjer. Ser ein isolert på kostnaden med sekkelager/velferdsrom, kr. 400.000,-, vil dagens husleige til Våge åleine dekke kapitalkostnaden for denne investeringa. I leigeavtalen med Våge er oppseiingstida sett til 6 mnd.

Tilråding til vedtak:

Styret i Volda/Ørsta Reinhaldsverk bed Volda kommune som leigetakar seie opp avtalen med Aksel Våge med verknad frå 1.9.1989.

Samrøytes vedteke i samsvar med tilrådinga.

Sak 29/88 Kontrakt med SST.

Transportoppdraget har tidlegare vore handsama i sak 21/88 og 26/88.

Styret gjorde slikt vedtak i sak 26/88:

"Avtaleforslaget med Søre Sunnmøre Transportsentral A/S blir godkjent under føresetnad av at avtalen blir smidig i samband med innkøyringsperioden, som blir sett til 3 veker.

Prisen på transport skal justerast kvart år pr. 1. juni etter TØI sin prisindeks, første gong pr. 1.6.89."

Gjennom brev til SST av 9.12.88 har ein bedt om diverse justeringar av avtaleforslaget. I justert utkast til avtale motteke 19.12.88, er merknadene teke omsyn til, bortsett frå pkt. 15, der SST framleis krev at dagsraten på kr. 1350,- for utsett transport meir enn 14 dagar skal stå ved lag, likeeins dersom det er transportstans i meir enn 1 veke.

Eg legg saka fram for styret utan tilråding til vedtak.

Styret gjorde slikt samrøystes vedtak:

Avtalen blir godkjent under føresetnad av at pkt. 5 blir i samsvar med tidlegare formulering.

Sak 30/88 Lån i Norges Kommunalbank.

Norges Kommunalbank har innvilga Volda/Ørsta Reinhaldsverk kr. 2.200.000,- i lån til bygging av omlastingsstasjon. Lånevilkåra har ikkje vore handsama i kommunane, og kommunalbanken krev at dette blir gjort.

Kommunane har tidlegare garantert for m.a. byggelån. Det som no synest klart, er at det truleg blir minimalt behov for byggelån ettersom lånet både i communalbanken og Realkreditt kan brukast som byggelån. Det er såleis ikkje tale om å auke det samla garantiansvaret som kommunane allereie har gitt, men at kommunane garanterer særskilt for lånet i communalbanken, og godkjenner lånevilkåra.

Tilråding til vedtak:

Styret i Volda/Ørsta Reinhaldsverk viser til brev frå Norges Kommunalbank datert 1. desember 1988, og bed formannskapa i Volda og Ørsta godkjenne lånevilkåra og garantere for låneopptaket. Garantiansvaret vil utgjere kr. 1.100.000,- for kvar av kommunane.

Samrøystes vedteke i samsvar med tilrådinga.

Sak 31/88 Låneopptak til ny innsamlingsbil.

Styret vedtok i sak 24/88 å gå til innkjøp av ny innsamlingsbil, og bad samstundes representantskapet gjere vedtak om nødvendig låneopptak.

I vedtekene går det fram at representantskapet har høve til å låne inntil kr. 1.000.000,-. Låneopptaket er på kr. 750.000,- og ligg såleis innanfor den vedtaksfesta ramma til representantskapet. Det er noko uklart om det trass i at lånerammen er vedtaksfesta, må gjerast garantivedtak av kommunane. Låneinstitusjonane har kravd dette.

Når det gjeld låneopptaket har det kome inn 2 tilbod, Sunnmørsbanken A/S og Realkreditt. Sunnmørsbanken A/S har effektiv rente 14,25 og Realkreditt 15,00 %. Sunnmørsbanken A/S har såleis det gunstigaste tilbodet. Sunnmørsbanken A/S sitt totalt sett rimelegaste lånealternativ er serie-lån med etterskotsberekna rente. Dette gir noko høgre kapitalkostnader første åra enn rekna med i budsjettet for 1989, men avtar etter kvart til eit nivå langt under det gjennomsnittet som var sett opp i samband med budsjettet for 1989.

Styret vil rá representantskapet til å gjere slikt vedtak:

Volda/Ørsta Reinholdsverk tek opp lån gjennom Sunnmørsbanken A/S for finansiering av ny innsamlingsbil i samsvar med pkt 1 i tilbod av 15. des.

Formannskapa i Ørsta og Volda blir bedt om å garantere for kr. 375.000,- kvar.